

Møteinnkalling

Utval:	Kontrollutvalet
Møtestad:	Møterom 425 Sunnhordland, Fylkeshuset
Dato:	03.11.2014
Tid:	10:00

Møteplan:

- Kl. 10.00 – 10.30 Fylkesrådmannen orienterer om forvaltningsrevisjon innan «Prosjektstyring»
- Kl. 11.00 – 11.30 Sakshandsaming
- Kl. 11.30 – 12.00 Sakshandsaming/lunsj
- Kl. 12.00 – 14.00 Kurs i samfunnsansvar og korrupsjon i møterom «Vestlandet»
- Kl. 14.00 - Sakshandsaming

Dersom nokon av medlemmene ikkje kan møte og må melde forfall, vert dei bedne om å gjere dette så tidleg som råd er ved å **ringa** til Roald Breistein, tlf. 55 23 94 47/ 975 05 152 eller til Hogne Haktorson, tlf. 55 23 94 53/911 05 982.

Til varamedlemar er denne innkallinga å sjå på som ei orientering.
Dersom det vert aktuelt at varamedlemar må møta, vil det bli gjeve nærmare beskjed.

Møteboka frå møte i kontrollutvalet 25.8.2014 kan lastas ned i GoodReader, men kan også lesast her:
<http://einnsyn.hfk.no/einnsyn/Utvalg/UtvalgmoeteDetail?Umoeteld=113>

Torill Veбенstad
Kontrollutvalsleiar

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift

Kopi: Fylkesrådmann
Fylkesordførar
Revisor

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 87/14	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 88/14	Godkjenning av møtebok frå forrige møte		
PS 89/14	Fylkesrådmannen orienterer om forvaltningsrevisjon innan prosjektstyring	2014/10536	
PS 90/14	Vurdering av om Deloitte AS er uavhengig i høve Hordaland fylkeskommune	2014/10503	
PS 91/14	Deloitte AS presenterer revisjonsplan 2014 og rekneskapsrevisjonen så langt	2014/10498	
PS 92/14	Forvaltningsrevisjon innan "Internkontroll og HMT" - Status i arbeidet v/Deloitte	2014/10535	
PS 93/14	Selskapskontroll av Hardangerbrua AS Status i arbeidet ved Deloitte	2014/14570	
PS 94/14	Selskapskontroll av Fastlandssambandet Halsnøy AS - Status i arbeidet ved Deloitte	2014/14567	
PS 95/14	Gjennomgang av møteprotokollar	2014/10500	
PS 96/14	Meldingar		
RS 66/14	Oppfølging av forvaltningsrevisjon av vedtaksoppfølging i Hordaland fylkeskommune - pkt 4	2014/16405	
RS 67/14	Forvaltningsrevisjonen "Bruk av digitale verktøy og læremiddel i vidaregåande skule" - status i høve til punkt 6.2, 8.1, 8.2 og 8.3 i tiltaksplan	2014/386	
RS 68/14	Handlingsplan - tilskotsforvaltninga på kulturfeltet	2014/10537	
RS 69/14	KU i Granvin. Hardangerbrua AS	2014/14570	
RS 70/14	Eidfjord kontrollutvalet Partsbrev Invitasjon til deltaking i selskapskontroll av Hardangerbrua AS	2014/14570	
RS 71/14	Ullensvang kontrollutvalet partsbrev Invitasjon til deltaking i selskapskontroll av Hardangerbrua AS	2014/14570	
RS 72/14	Kvam kontrollutvalet partsbrev sak 3114 Invitasjon til deltaking i selskapskontroll av Hardangerbrua AS	2014/14570	
RS 73/14	Partsbrev - Forvaltningsrevisjon av forholdet mellom skuleeigar og skular - Revisjonsrapport	2014/10533	
RS 74/14	Tertialrapport pr. 31. august 2014 - rekneskapsprognose	2014/13022	
RS 75/14	Finansrapport 2. tertial 2014	2014/927	
RS 76/14	Skatt september 2014	2014/10507	

RS 77/14	Status for spørsmål/oversendingsforslag i fylkesutvalet pr september 2014	2014/356
RS 78/14	Oversikt over større saker til politisk behandling hausten 2014 - pr september	2014/1527
RS 79/14	Kapitalutviding i Storeholmen VTA AS for oppkjøp av Norheimsund Industriservice AS	2014/17219
RS 80/14	Partsbrev - Godkjenning av prosjektrekneskap Tertnes vgs - Tilbygg	2014/10499
PS 97/14	Eventuelt	

PS 87/14 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 88/14 Godkjenning av møtebok frå forrige møte



Arkivnr: 2014/10536-25

Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet	89/14	03.11.2014

Fylkesrådmannen orienterer om forvaltningsrevisjon innan prosjektstyring

Bakgrunn for saka:

Kontrollutvalet gjorde slikt vedtak si sak 9/14 i møte 17.2.14:

1. *Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon innan prosjektstyring, frå Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan.*
2. *Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal som ligg i den justerte prosjektplanen, inkludert opsjon på ev. presentasjon av rapporten i fylkestinget.*
3. *Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan utgangen av juni 2014 ferdig verifisert og med fylkesrådmannen sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.*

I samband med statusrapportering i møte i kontrollutvalet 18.6.14 vart det gjort slikt vedtak:

1. *Informasjonen vert teken til orientering.*
2. *Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan 29.8.2014 ferdig verifisert og med fylkesrådmannen sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.*

I samband med statusrapportering i møte i kontrollutvalet 25.8.14 vart dette protokollert:

«Handsaming i møtet

Forvaltningsrevisor Kari Gåsemyr frå Deloitte presenterte status for forvaltningsrevisjonen innan prosjektstyring og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet. Det er pr. i dag uklart om rapporten vil verta klar til handsaming i møte i kontrollutvalet 19.9.14.

Forslag til vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

Informasjonen vert teken til orientering.»

Av den godkjende prosjektplanen går det fram at føremålet med revisjonen er:

Føremålet med prosjektet vil vere å undersøke om fylkeskommunen har eit tilfredsstillande og fungerande prosjektstyringssystem, og om det er etablert gode rutinar for å lære av erfaringar frå gjennomførte prosjekt. Fokuset vil vere på byggeprosjekt som fylkeskommunen har gjennomført.

Med bakgrunn i dette føremålet er det formulert følgjande problemstillingar:

1. **Har fylkeskommunen eit tilfredsstillande prosjektstyringssystem? Under dette:**
 - a. Har fylkeskommunen tilfredsstillande rutinar for initiering, prioritering og planlegging av investeringsprosjekt?
 - b. Har fylkeskommunen tilfredsstillande rutinar for gjennomføring av prosjekt, og blir desse følgt?
 - c. Er det etablert tenleg rutinar for kvalitetssikring av prosjektplanlegging og gjennomføring?
 - d. Er det etablert tilstrekkelege rutinar for risikoanalysar av prosjekt?
 - e. Er det etablerte tilstrekkelege rutinar for rapportering (t.d. for framdriftsplan, budsjett, avvik, endringar) og vert rapporteringsrutinar etterlevd?
 - f. Har fylkeskommunen tilstrekkeleg avvikshandteringssystem knytt til prosjektstyringa?

2. **Blir prosjekt organisert med klare rolle- og ansvarsforhold? Under dette:**
 - a. Har fylkeskommunen tilstrekkelege rutinar for prosjektorganisering (når det gjeld ansvar, roller og mynde) og blir dei følgde?
 - b. Har fylkeskommunen tilstrekkeleg kompetanse og ressursar til å gjennomføre tilfredsstillande prosjektstyring?
 - c. Blir det gitt tilstrekkeleg opplæring i prosjektstyring til dei som har ansvar for å gjennomføre prosjekt for fylkeskommunen?

3. **Har fylkeskommunen tilfredsstillande system for avslutning av prosjekt?**
 - Er det etablert tilfredsstillande rutinar for evaluering og erfaringsoverføring/kunnskapsdeling frå gjennomførte prosjekt?
 - Har fylkeskommunen retningslinjer for administrativ og/eller politisk godkjenning av endelig prosjektregnskap?

Drøfting:

I samband med statusrapportering i møte i kontrollutvalet 19.9.14 vart dette protokollert:

«Kontrollutvalet ber om at fylkesrådmannen kjem i møte 3.11.2014 for å orientere i denne saka.»

På bakgrunn av dette er det gjort avtale om at fylkesrådmannen kjem i dette møte for å orientere.

Det er vidare lagt opp til at Deloitte kan orientere om status i prosjektet.

Konklusjon:

På bakgrunn av det som kjem fram i møtet må kontrollutvalet diskutere seg fram til ein konklusjon. Saka vert difor lagt fram utan forslag til vedtak.

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.



Arkivnr: 2014/10503-4
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet	90/14	03.11.2014

Vurdering av om Deloitte AS er uavhengig i høve Hordaland fylkeskommune

Bakgrunn for saka:

I samsvar med forskrift om revisjon (revisjonsforskrifta) § 12 skal oppdragsansvarleg revisor for kommunar og fylkeskommunar ha ført ein heiderlegandel. Oppfølging av dette kravet ligg til kontrollutvalet, jamfør merknader til nemnte paragraf. Jmf. revisjonsforskrifta § 15 skal oppdragsansvarleg revisor kvart år, og elles ved behov, gje ei skriftleg eigenvurdering av sin uavhengighet til kontrollutvalet. Ansvarleg revisor hjå Deloitte, Helge-Roald Johnsen har no sendt over ei slik eigenvurdering dagsett 30.09.2014.

Deloitte har også vorte utfordra på å legge fram opplysningar om ev. oppdrag ut over oppdrag frå kontrollutvalet. Sekretariatet har fått stadefesta frå Deloitte at slike opplysningar vil verta lagt fram i møtet.

Drøfting:

I kontrollutvalsforskrifta § 4 heiter det:

«§ 4. Tilsyn og kontroll

Kontrollutvalget skal føre det løpende tilsyn og kontroll med den kommunale eller fylkeskommunale forvaltningen på vegne av kommunestyret eller fylkestinget, herunder påse at kommunen eller fylkeskommunen har en forsvarlig revisjonsordning.

Utvalget kan ikke overprøve politiske prioriteringer som er foretatt av kommunens eller fylkeskommunens folkevalgte organer.»

Som det går fram av denne forskrifta har kontrollutvalet ansvar for å sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning. Kontrollutvalet si handsaming av ansvarleg revisor si eigenvurdering inkl. opplysningar om ev. oppdrag ut over oppdrag frå kontrollutvalet, vil vera ein lekk i å sjå til at fylkeskommunen har ei forsvarleg revisjonsordning.

Dei spesifikke lovheimlar om uavhengighet, jf. kommunelova § 79, samt forskrift om revisjon, §§ 13-14, er medtekne i eigenerklæringa.

Sekretariatet kan ikkje sjå at det framkjem opplysningar i eigenerklæringa som svekkar Deloitte sin ansvarlege revisor sin uavhengighet i høve Hordaland fylkeskommune. På bakgrunn av dei

opplysningane om ev. oppdrag, ut over oppdrag frå kontrollutvalet som vert lagt fram i møtet, må kontrollutvalet gjera ei vurdering av om det kan svekke uavhengigheta til Deloitte.

Konklusjon:

Ut frå innhaldet i eigenerklæringa, vert det tilrådd å ta denne til etterretning.

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar eigenvurderinga frå ansvarleg revisor Helge-Roald Johnsen, vedr. om Deloitte er uavhengig i høve Hordaland fylkeskommune, til etterretning.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Vedlegg:

Uavhengighetserklæring 2014 frå Deloitte

Til
Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune

Tlf.: +47 55 21 81 00
Faks: +47 55 21 81 33
www.deloitte.no


UAVHENGIGHETSERKLÆRING

Deloitte AS v/partner Helge-Roald Johnsen sin eigen vurdering av uavhengighet følger punktvis i forhold til krav i kommunelova § 79 og revisjonsforskriftene §§ 13 og 14:

Pkt. 1: Tilsetjingstilhøve	<i>Ansvarleg revisor eller andre som deltek i revisjonen har ikkje anna stilling hos kommunen eller i verksemdar som kommunen deltek i.</i>
Pkt. 2: Medlem i styrande organ	<i>Ansvarleg revisor eller andre som deltek i revisjonen er ikkje medlem av styrande organ i noko verksemd som kommunen deltek i.</i>
Pkt. 3: Deltek i eller har funksjonar i anna verksemd, som kan føre til interessekonflikt eller svekka tillit	<i>Ansvarleg revisor eller andre som deltek i revisjonen har ikkje funksjonar i noko verksemd som kan føre til interessekonflikt eller svekka tillit til rollen som revisor for Hordaland fylkeskommune.</i>
Pkt. 4: Nærstående	<i>Ansvarleg revisor eller andre som deltek i revisjonen har ikkje nærstående som har tilknytning til Hordaland fylkeskommune som er av betydning for vår uavhengighet og objektivitet.</i>
Pkt. 5: Rådgjevings- eller andre tenester som er eigna til å påverke revisors habilitet	<i>Vi stadfester at det for tida ikkje vert ytt rådgjevings- eller andre tenester til Hordaland fylkeskommune som kjem i konflikt med krav til uavhengighet og objektivitet.</i>
Pkt. 6: Tenester under kommunens egne leiings- og kontrolloppgåver	<i>Vi stadfester at det for tida ikkje vert ytt tenester til Hordaland fylkeskommune som høyrer inn under kommunen sine egne leiings- og kontrolloppgåver.</i>
Pkt. 7: Opptre som fullmektig for den revisjonspliktige	<i>Vi stadfester at Deloitte for tida ikkje opptre som fullmektig for Hordaland fylkeskommune.</i>
Pkt. 8: Andre særeigne forhold	<i>Vi kjenner ikkje til at det ligg føre andre særeigne forhold som er eigna til å svekke tilliten til Deloitte AS som revisor for Hordaland fylkeskommune.</i>

Bergen, 30. september 2014

Deloitte AS


Helge-Roald Johnsen
statsautorisert revisor



Arkivnr: 2014/10498-23

Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet	91/14	03.11.2014

Deloitte AS presenterer revisjonsplan 2014 og rekneskapsrevisjonen så langt

Bakgrunn for saka:

Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune har ansvar for at det vert gjennomført rekneskapsrevisjon i fylkeskommunen, jf. kommunelova § 77.4, der det m.a. står:

«Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte.»

Vidare har kontrollutvalet ansvar for å sjå til at fylkeskommunen har ei forsvarleg revisjonsordning, jf. forskrift om kontrollutvalg § 4, der det m.a. står:

«Kontrollutvalget skal føre det løpende tilsyn og kontroll med den kommunale eller fylkeskommunale forvaltningen på vegne av kommunestyret eller fylkestinget, herunder påse at kommunen eller fylkeskommunen har en forsvarlig revisjonsordning.»

Drøfting:

Kontrollutvalet si handsaming av revisjonsplan og informasjon om rekneskapsrevisjonen så langt i 2014, vil vera ein lekk i å sjå til at fylkeskommunen sine rekneskaper vert revidert på ein tryggande måte og at fylkeskommunen har ei forsvarleg revisjonsordning. Slik sekretariatet ser det, bør kontrollutvalet få høve til å koma med innspel til fokusområde i interimrevisjonen som skal gjennomførast denne hausten, dersom dei ønskjer det.

Etter planen skal interimrevisjonsrapport leggjast fram for kontrollutvalet til handsaming i møte 15.12.14.

Konklusjon:

Dersom det ikkje kjem fram noko spesielt i møtet vert det tilrådd at kontrollutvalet tar informasjonen frå Deloitte AS til orientering.

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar revisjonsplanen og informasjonen om rekneskapsrevisjonen så langt i 2014 frå Deloitte AS til orientering.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Vedlegg: Revisjonsplan 2014 frå Deloitte AS

Område	Angrepsmåte	Ansvarlig	Tidspunkt
Oppstartsmøte med økonomidirektør og ev fylkesrådmann	Revisjonen har oppstartsmøte med økonomidirektør og fylkesrådmann tidlig på høsten for å gå kort gjennom revisjonsprosessen og for informasjonsutveksling om evt. endringer. I møtet vil misligheter og rutiner knyttet til forebygging og avdekking av misligheter bli vektlagt.	Deloitte	Okt.-Nov.
Oppstartsmøte med fylkeskassen	Revisjonen har også eget oppstartsmøte med fylkeskassen		
Rutiner	Vi vil kartlegge og teste vesentlige rutiner i fylkeskommunen: <ul style="list-style-type: none"> • Bankavstemming • Kostnader/innkjøp • Lønn • Inntekter • Skyss • Ev andre sentrale områder Fokus her vil være på etablert intern kontroll på de ulike områdene.	Deloitte - interimsrevisjon	Nov.
Utgifter	Detaljkontroll av utgifter.	Deloitte - interimsrevisjon	Nov.
Investeringer/finans	Påse at fylkeskommunen har vedtatt et finansforvaltningsreglement. Påse at finansforvaltningsreglementet følges.	Deloitte - interimsrevisjon	Nov. Mar.-april
Kontrollutvalgsmøte	Revisor skal i etterkant av interimsrevisjonen informere kontrollutvalget om evt vesentlige funn.	Deloitte	Des.
Mva.kompensasjon	Revisor skal foreta kontroll av hver termin for mva.kompensasjon før denne sendes inn og signeres. Fylkeskassen skal derfor sende nødvendig dokumentasjon (tall i omsetningsoppgave og oversikt over alle transaksjoner for den aktuelle termin) til revisor senest fem dager før frist for signering. Frist for innsendelse er innen 1 måned og 10 dager etter utløpet av hver termin, jfr Lov om kompensasjon av merverdiavgift for kommuner, fylkeskommuner mv. § 7. For 3. termin er fristen 1. september. Fylkeskassen er ansvarlig for innsendelse og for å gi beskjed til Deloitte når oppgaven er klar til signering.	Fylkeskassen og Deloitte Fylkeskassen og Deloitte	Løpende
Offisielt regnskap	Årsregnskapet skal bestå av driftsregnskap, investeringsregnskap, balanseregnskap,	Fylkesrådmann	Frist for avleggels

Område	Angrepsmåte	Ansvarlig	Tidspunkt
	<p>økonomiske oversikter og noteopplysninger, jfr Forskrift om årsregnskap og årsberetning § 3. Notekravene i § 5 er et minimumskrav.</p> <p>Årsregnskapet skal være avlagt innen 15.02, jfr Forskrift om årsregnskap og årsberetning § 10, 3. ledd.</p> <p>Årsberetningen skal avgis uten ugrunnet opphold og senest 31.03, jfr. Forskrift om årsregnskap og årsberetning § 10, 3. ledd.</p> <p>Årsregnskapet og årsberetningen skal vedtas senest seks måneder etter regnskapsårets slutt, jfr Forskrift om årsregnskap og årsberetning § 10, 1. ledd.</p>	<p>Fylkesrådmann</p> <p>Fylkesrådmann</p> <p>Fylkesrådmann</p>	e 15.02. og 31.03.
Offisielt regnskap til revisor	<p>Revisor skal motta årsregnskapet umiddelbart etter avleggelse. Dette medfører at revisor skal motta driftsregnskap, investeringsregnskap, balanseregnskap, økonomiske oversikter og gjerne også noteopplysninger datert senest 15.02 det aktuelle år, uten ugrunnet opphold etter avleggelse. Dette for å kunne foreta revisjonen tidsriktig. Dersom regnskapet ikke er avlagt 15.02, vil revisors beretning inneholde presisering.</p> <p>Avstemminger må ikke være ferdigstilt ved avleggelse av regnskapet, men samtlige avstemminger må være ferdigstilt til dato for revisjonsbesøk i februar/mars.</p> <p>Årsberetning skal sendes til revisor umiddelbart etter at den er avgitt 31.03. Dersom dato for avleggelse ikke overholdes, vil revisors beretning inneholde en presisering. Årsberetningen skal signeres for å bli vurdert som avgitt.</p>	<p>Økonomidirektør/ Fylkeskassen</p> <p>Økonomidirektør/ Fylkeskassen</p> <p>Økonomidirektør/ Fylkeskassen</p>	
Offisielt regnskap	<p>Ved mottak av endelig regnskap for 2014, vil vi påse følgende:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Regnskapsmaterieill mottas innen 15.02 • Regnskapsoversikter henger sammen • Nødvendige noteopplysninger er utarbeidet • Avslutning av regnskapene er iht. forskrift 	Deloitte - årsoppgjør	Feb. -april

Område	Angrepsmåte	Ansvarlig	Tidspunkt
	<ul style="list-style-type: none"> Avstemming av kretsløp er foretatt (Egenkapital, arbeidskapital og anleggsmidler/langsiktig gjeld) Budsjettall stemmer med vedtatt budsjett Korrekte tall medtatt i årsmeldingen KOSTRA-rapportering korrekt foretatt <p>Vi vil også foreta en analyse av regnskapstall mot budsjett og fjorårstall.</p>		
Bank	<ul style="list-style-type: none"> Bankavstemming 	Deloitte - årsoppgjør	Mar. -april
Investeringer og utlån	<ul style="list-style-type: none"> Verdsettelse og klassifisering av verdipapirer Avkastning på verdipapirer Utlån 	Deloitte - årsoppgjør	Mar. -april
Fordringer	<ul style="list-style-type: none"> Kundereskontro mot regnskap Tap på krav (inkl. innbetalingskontroll) Kreditsaldoer Periodisering inntekter 	Deloitte - årsoppgjør	Mar. -april
Forskuddsbetalte utgifter	<ul style="list-style-type: none"> Avsetninger 	Deloitte - årsoppgjør	Mar. -april
Driftsmidler	<ul style="list-style-type: none"> Anleggsregister mot regnskap Aktivering Salg Avskrivninger iht. regelverk Gjennomgang prosjektrengskap 	Deloitte - årsoppgjør	Mar. -april
Påløpte utgifter	<ul style="list-style-type: none"> Vurdere om fylkeskommunen har tilfredsstillende rutine for å identifisere avsetning for påløpte utgifter Vurdere avsetningene som er gjort 	Deloitte - årsoppgjør	Mar. -april
Leverandørgjeld	<ul style="list-style-type: none"> Leverandørreskontro mot regnskap Debetposter Utbetalingskontroll 	Deloitte - årsoppgjør	Mar. -april

Område	Angrepsmåte	Ansvarlig	Tidspunkt
Langsiktig gjeld	<ul style="list-style-type: none"> Lån iht. låneavtale/bekreftelse fra långiver Låneopptak er i samsvar med kommuneloven Memoriakontoer (samsvar mellom opptak av lån, bruk av lån og bevegelse på konto for ubrukte lånemidler) Rentekostnader Avdrag iht. vektingsregel Oversikt over garantier 	Deloitte - årsoppgjør	Mar. -april
Egenkapital/fond	<ul style="list-style-type: none"> Evt. bevegelser kontrolleres mot avsetninger og bruk i driftsregnskap og investeringsregnskap Kapitalkonto 	Deloitte - årsoppgjør	Mar. -april
Inntekter	<ul style="list-style-type: none"> Analyse av inntekter Skatteinntekter Rammetilskudd Billettinntekter Andre vesentlige inntektstyper 	Deloitte - årsoppgjør	Mar. -april
Utgifter	<ul style="list-style-type: none"> Analyse av utgifter Periodisering iht. anordningsprinsippet 	Deloitte - årsoppgjør	Mar. -april
Lønn	<ul style="list-style-type: none"> Analyse av lønnskostnader Kontrolloppstilling over innberettet beløp Feriepenger Pensjon Skattetrekk Arbeidsgiveravgift Sykepengerefusjoner 	Deloitte - årsoppgjør	Mar. -april
Attestasjoner	Div. attestasjoner	Deloitte	Løpende
Revisjonsberetning	Revisor skal avgi revisjonsberetning senest 15.04, jfr Forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner § 5.	Deloitte	Senest 15.04
Kontrollutvalget	Økonomidirektør og fylkesrådmann skal sende årsregnskap inkl årsberetning til sekretariatet senest 2 uker før kontrollutvalgsmøte for at sekretariatet kan forberede sak.	Fylkesrådmann/ økonomidirektør	Senest 2 uker før KU-møte



Arkivnr: 2014/10535-13

Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet	92/14	03.11.2014

Forvaltningsrevisjon innan "Internkontrollsystem og HMT" - Status i arbeidet v/Deloitte

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet gjorde slikt vedtak i sak 8/14 i møte 17.2.14:

1. *Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon innan internkontrollsystem og HMT, frå Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan.*
2. *Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal som ligg i den justerte prosjektplanen, inkludert opsjon på ev. presentasjon av rapporten i fylkestinget.*
3. *Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan utgangen av august 2014 ferdig verifisert og med fylkesrådmannen sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.*

I samband med statusrapportering i møte i kontrollutvalet 18.6.14 vart det gjort slikt vedtak:

1. *Informasjonen vert teken til orientering.*
2. *Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan 14.10.2014 ferdig verifisert og med fylkesrådmannen sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.*

Av den godkjende prosjektplanen går det fram at føremålet med revisjonen er:

«Føremålet med dette prosjektet er å undersøke i kva grad Hordaland fylkeskommune har etablert eit overordna system for internkontroll, med eit særskilt fokus retta mot helse, miljø og tryggleik (HMT).

Med bakgrunn i føremålet er det formulert følgjande problemstillingar:

1. **Har Hordaland fylkeskommune etablert eit overordna system for internkontroll (kvalitetssystem)?**
 - a) *I kva grad er det etablert eit felles system for internkontroll i Hordaland fylkeskommune?*
 - b) *I kva grad er det gjeve felles retningsliner for korleis internkontroll skal utøvast i einingane?*
2. **I kva grad har fylkeskommunen arbeidd for å utvikle eit godt kontrollmiljø?**
 - a) *I kva grad har leiinga sett fokus på internkontroll og leiarane sitt ansvar for internkontrollen?*

- b) Har fylkeskommunen etablert føremålstenlege etiske retningslinjer og korleis er desse gjort kjent i verksemda?
 - c) I kva grad har fylkeskommunen sett fokus på fare for korrupsjon og misleghald?
 - d) I kva grad er det etablert eit system for varsling og oppfølging av varslarar?
3. I kva grad har fylkeskommunen etablert tydelege **mål** for tenestene?
 4. I kva grad er det på overordna nivå i fylkeskommunen etablert ei **rapportering** som gjer det mogleg å ha oversikt og kontroll med fylkeskommunen si verksemd?
 5. Korleis blir **risikovurderingar** nytta i internkontrollen i fylkeskommunen?
 6. I kva grad har fylkeskommunen etablert **kontrollaktivitetar** som skal sikre at sentrale arbeidsprosessar følgjer fylkeskommunen sine krav og retningslinjer?
 - a) I kva grad er det etablert ei klar arbeidsdeling med tydelege fullmakter/delegasjonar?
 - b) I kva grad er det etablert skriftlege rutinar og retningslinjer for sentrale arbeidsprosessar?
 - c) I kva grad er det eit system for dokumentstyring som sikrar at rutinar blir oppdaterte og gjort tilgjengeleg for dei tilsette på ein føremålstenleg måte?
 - d) I kva grad er det etablert kontrollar for å sikre etterleving av sentrale rutinar og retningslinjer?
 - e) I kva grad er eventuelle kontrollar basert på ei systematisk risikovurdering?
 - f) Har fylkeskommunen etablert eit tenleg avviksmeldesystem?
 7. Er det etablert rutinar for **oppfølging** av at internkontrollen fungerer slik den var tenkt innanfor fylkeskommunen sine einingar?
 8. Har fylkeskommunen system og rutiner som sikrer etterlevelse av sentrale krav i regelverket når det gjeld arbeid med **helse, miljø og tryggleik (HMT)**? Herunder:
 - a) Har fylkeskommunen sentrale system, rutinar eller retningslinjer for korleis HMS arbeidet skal ivaretaast av einingane i fylkeskommunen?
 - b) Er det fastsett mål for helse, miljø og tryggleik i fylkeskommunen og i dei einkilde einingane?
 - c) Har fylkeskommunen oversikt over korleis ansvar, oppgåver og mynde for arbeidet med helse, miljø og tryggleik er organisert?
 - d) Er det etablert eit felles system for kartlegging av farar og problem og vurdering av risikotilhøva i einingane i fylkeskommunen?
 - e) Er det etablert rutinar for å utarbeide planar og for å sette i verk tiltak for å redusere identifiserte risikoar?
 - f) Har fylkeskommunen rutinar som sikrar at verksemdene under planlegging og gjennomføring av endringar, vurderer om arbeidsmiljøet vil vere i samsvar med lovkrav, og blir det sett i verk naudsynte tiltak?
 - g) Har fylkeskommunen etablert rutinar for å avdekke, rette opp og førebygge brot på HMT regelverket?
 - h) Gjennomfører fylkeskommunen ei systematisk overvaking og ein gjennomgang av det systematiske HMT arbeidet for å sikre at det fungerer som føresett?
 - i) I kva grad er det etablert ei verneteneste i samsvar med sentrale krav i regelverket?
 - j) I kva grad er det etablert eit arbeidsmiljøutval som fungerer i samsvar med sentrale krav i regelverket?»

Prosjektplanen inneheld også denne avgrensinga:

«Ansvar og oppgåver spesifikt knytt til personaladministrasjon, oppfølging av sjukmeldte og reduksjon av sjukefråvær vil ikkje vere ein del av forvaltningsrevisjonen ettersom dette har vore tema for andre forvaltningsrevisjonsrapportar.»

Drøfting:

Sekretariatet har fått munnleg melding om at revisjonsrapporten diverre ikkje vart ferdig til den avtalte fristen. I dette møtet vil Deloitte difor orientere om status og framdrift i prosjektet.

Konklusjon:

Dersom det ikkje kjem fram nye opplysningar som krev ytterlegare utsetting for levering av rapporten, vert det tilrådd at kontrollutvalet tar informasjonen til orientering. Vidare vert det tilrådd at utvalet vedtek at rapporten skal leverast sekretariatet slik at den kan handsamast i møte 15.12.14.

Forslag til vedtak

1. Informasjonen vert teken til orientering.
2. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan 24.11.2014 ferdig verifisert og med fylkesrådmannen sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.



Arkivnr: 2014/14570-26

Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet	93/14	03.11.2014

Selskapskontroll av Hardangerbrua AS Status i arbeidet ved Deloitte

Samandrag

Bakgrunn for saka:

Kontrollutvalet gjorde slikt vedtak i sak 42/14 i møte 06.05.14:

1. *Kontrollutvalet bestiller selskapskontroll av Hardangerbrua AS, frå Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan.*
2. *Ny korrigerert prosjektplan vert å sende sekretariatet på e-post innan 13.05.14.*
3. *Det vert akseptert ein samla timerressurs på inntil det timetal som ligg i prosjektplanen, inkl. stikkprøvar og ev. presentasjon i fylkestinget.*
4. *Kontrollutvalet ber sekretariatet invitere dei andre eigarkommunane til å delta i denne selskapskontrollen med svarfrist til 30.9.2014.*
5. *Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan utgangen av november 2014 ferdig verifisert og med fylkesrådmannen og selskapet sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.*

Av den godkjende prosjektplanen går det fram at føremålet med selskapskontrollen er:

Føremålet med selskapskontrollen er å undersøke og vurdere Hordaland fylkeskommune si eigarstyring av Hardangerbrua AS. Vidare vil føremålet med selskapskontrollen vere å undersøke om selskapet har etablert system og rutinar for å sikre at selskapet driver i samsvar med vedtekter, politiske vedtak og regelverk.

Følgjande problemstillingar vil bli undersøkte:

1. *Utøver Hordaland fylkeskommune kontroll med Hardangerbrua i samsvar med politiske vedtak og etablerte normer for god eigarstyring og selskapsleiing?*
 - a. *Utøver Hordaland fylkeskommune eigarstyring av Hardangerbrua i samsvar med sentrale tilrådingar frå KS?*

- b. *Utøver Hordaland fylkeskommune eigarstyring av Hardangerbrua i samsvar med fylkeskommunen si eigarskapsmelding og andre fylkeskommunale vedtak og føringar?*
- c. *Blir Hordaland fylkeskommune tilstrekkelig informert om drifta og utviklinga i selskapet?*
- 2. *I kva grad blir krav og retningslinjer som Hordaland fylkeskommune stiller til sine selskap etterlevd av Hardangerbrua?*
 - a. *Driv selskapet i samsvar med vedtektene og krav i Hordaland fylkeskommune si eigarskapsmelding?*
- 3. *Er det ei tydeleg rolle- og ansvarsfordeling mellom eigar, styret og selskapet si daglege leiing?*
 - a. *I kva grad har selskapet rutinar for å følgje opp driftsavtalen med Vegamot AS*
- 4. *I kva grad har selskapet rutinar for å følgje opp bompengavtalen og avtale om drift av innkrevingssystem med Statens vegvesen?*
- 5. *Har selskapet system og rutinar som bidrar til å sikre etterleving av sentrale krav innanfor regelverket knytt til:*
 - a. *Aksjelova*
 - b. *Offentlege innkjøp*
 - c. *Offentleggjering*
- 6. *Har selskapet system og rutinar som bidrar til å sikre ein økonomisk forsvarleg drift?*
 - a. *Har selskapet ein forsvarlig eigenkapital jf. aksjelova § 3-4?*
 - b. *I kva grad har selskapet etablert rutinar for økonomistyring?*
 - c. *Kva er eventuelle utfordringar knytt til selskapet sin økonomiske drift?*

Sekretariatet sende 13.5.14 invitasjon til dei andre 7 eigarkommunane om å delta i dette prosjektet. Det er i skrivande stund motteke svar frå Bergen kommune og Granvin herad som ha takka nei til å delta i denne selskapskontrollen medan Voss kommune har tidlegare takka ja til å delta, med atterhald om at totalt 73,34 % av eigarane vert med. Vidare har Ulvik herad, Ullensvang herad, Eidfjord kommune og Kvam herad takka ja til å delta. Dette betyr at det no er 86,86 % av eigarane som har sagt ja til å delta i selskapskontrollen. Ved at Voss, Ulvik, Ullensvang, Eidfjord og Kvam har takka ja til å vera med i denne selskapskontrollen er atterhaldet på 73,34 % innfridd.

Drøfting:

I dette møtet vil Deloitte orientere om status og framdrift i prosjektet.

Konklusjon:

Dersom det ikkje kjem fram særskilte opplysningar, som t.d. krev justering ift. prosjektplan eller leveringstid, vert det tilrådd at kontrollutvalet tar informasjonen til orientering

Forslag til vedtak

Informasjonen vert teken til orientering

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.



Arkivnr: 2014/14567-19

Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet	94/14	03.11.2014

Selskapskontroll av Fastlandssambandet Halsnøy AS - Status i arbeidet ved Deloitte

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet gjorde slikt vedtak i sak 41/14 i møte 06.05.14:

1. *Kontrollutvalet bestiller selskapskontroll av Fastlandssamband Halsnøy AS, frå Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan.*
2. *Ny korrigerert prosjektplan vert å sende sekretariatet på e-post innan 13.05.14*
3. *Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal som ligg i prosjektplanen, inkl. den delen som gjeld stikkprøvar og ev. presentasjon i fylkestinget.*
4. *Kontrollutvalet ber sekretariatet invitere dei andre eigarkommunane til å delta i denne selskapskontrollen med svarfrist til 31.5.2014.*
5. *Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan utgangen av november 2014 ferdig verifisert og med fylkesrådmannen og selskapet sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.*

Av den godkjende prosjektplanen går det fram at føremålet med selskapskontrollen er:

«Føremålet med selskapskontrollen er å undersøke og vurdere Hordaland fylkeskommune si eigarstyring av Fastlandssamband Halsnøy AS. Vidare vil føremålet med selskapskontrollen vere å undersøke om selskapet har etablert system og rutinar for å sikre at selskapet driver i samsvar med vedtekter, politiske vedtak og regelverk.»

Følgjande problemstillingar vil bli undersøkte:

A) Problemstillingar knytt til den fylkeskommunale eigarskapsforvaltninga:

1. *Utøver Hordaland fylkeskommune kontroll med Fastlandssamband Halsnøy i samsvar med politiske vedtak og etablerte normer for god eigarstyring og selskapsleiing?*

- a. Utøver Hordaland fylkeskommune eigarstyring av Fastlandssamband Halsnøy i samsvar med sentrale tilrådingar frå KS?
- b. Utøver Hordaland fylkeskommune eigarstyring av Fastlandssamband Halsnøy i samsvar med fylkeskommunen si eigarskapsmelding og andre fylkeskommunale vedtak og føringar?
- c. Blir Hordaland fylkeskommune tilstrekkeleg informert om drifta og utviklinga i selskapet?

B) Problemstillingar knytt til drifta i selskapet:

2. I kva grad blir krav og retningslinjer som Hordaland fylkeskommune stiller til sine selskap etterlevd av Fastlandssamband Halsnøy?
 - a. Driv selskapet i samsvar med vedtektene og krav i Hordaland fylkeskommune si eigarskapsmelding?
3. Er det ei tydeleg rolle- og ansvarsfordeling mellom eigar, styret og selskapet si daglege leiding?
 - a. I kva grad har styret i Fastlandssamband Halsnøy rutinar for å følgje opp avtalen med Via Futura AS om kjøp av administrasjonstenester?
 - b. I kva grad har selskapet rutinar for å følgje opp avtalen med Bro- og tunnelselskapet som driftsoperatør for sambandet?
4. I kva grad har selskapet rutinar for å følgje opp bompengavtalen og avtale om drift av innkrevingsystem med Statens vegvesen?
5. Har selskapet system og rutinar som bidrar til å sikre etterleving av sentrale krav innanfor regelverket knytt til:
 - a. Aksjelova
 - b. Offentlege innkjøp
 - c. Offentleggjering
6. Har selskapet system og rutinar som bidrar til å sikre ein økonomisk forsvarleg drift?
 - a. Har selskapet ein forsvarlig eigenkapital jf. aksjelova § 3-4?
 - b. I kva grad har selskapet etablert rutinar for økonomistyring?
 - c. Kva er eventuelle utfordringar knytt til selskapet sin økonomiske drift?

Sekretariatet sende 13.5.14 invitasjon til Stord og Kvinnherad kommune om å delta i dette prosjektet. Det er motteke svar får begge kommunane om at dei ikkje ønskjer å delta.

Drøfting:

I dette møtet vil Deloitte orientere om status og framdrift i prosjektet.

Konklusjon:

Dersom det ikkje kjem fram særskilte opplysningar, som t.d. krev justering ift. prosjektplan eller leveringstid, vert det tilrådd at kontrollutvalet tar informasjonen til orientering

Forslag til vedtak

Informasjonen vert teken til orientering.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.



Arkivnr: 2014/10500-6

Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet	95/14	03.11.2014

Gjennomgang av møteprotokollar

Samandrag

I denne saka er tanken at kontrollutvalet skal gjera ei vurdering av saker i møtebøker frå andre politiske utval i Hordaland fylkeskommune. Kontrollutvalet kan be om nærare informasjon om enkeltsaker og drøfte ulike problemstillingar som ein finn av særlig interesse i protokollane. Møtebøkene kan lastas ned frå heimesida til fylkeskommune, <http://einnsyn.hfk.no/einnsyn/utvalg/AllUtvalg>

Kontrollutvalet har tidlegare vorte samde om å dela jobben med å lesa gjennom møtebøkene før møta i utvalet slik:

Politisk organ:	Kontrollutvalsmedlem:
Fylkestinget	Randi Stang Volden
Fylkesutvalet	Torill Veбенstad
Kultur- og ressursutvalet	Elisabeth Næverlid Sævik
Opplærings- og helseutvalet	Lars Erik Dalland
Samferdselsutvalet	Magne Ivar Fauskanger

Følgjande møteprotokollar er aktuelle å gjennomgå i dette møtet:

- Fylkestinget 14.10.2014
- Fylkesutvalet 24.09.2014
- Kultur- og ressursutvalet 16.09. og 21.10.2014
- Opplærings- og helseutvalet 16.09. og 21.10.2014
- Samferdselsutvalet 16.09. og 22.10.2014

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar møtebøkene til orientering.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

PS 96/14 Meldingar

NotatDato: 08.09.2014
Arkivsak: 2014/16405-6
Saksbehandlar: biraase

Til: Kontrollutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Vedtak gjeldande oppfølging av forvaltningsrevisjon av vedtaksoppfølging i Hordaland fylkeskommune - pkt 4

Viser til brev frå kontrollutvalet, datert 09.09.14, der ein ber fylkesrådmannen om å kome med ny status på punkt 4 i handlingsplanen.

4. Utvikle tiltak for å sikre betre utnytting av kompetanse på tvers av ansvarsområde og avdelingar.	Kompetansemodule i Personalportalen gjer det muleg å kartlegge ulik kompetanse i organisasjonen på personnivå. Det blir arbeidd med å utarbeide formålstenlege rutinar slik at desse rapportane muleggjer betre utnytting av kompetanse på tvers av ansvarsområde og avdelingar.	Organisasjonsavdelinga, personalseksjonen	Rutine er utarbeidd og ligg i Kvalitetssystemet.
--	--	---	--

Vedlegg

- 1 Kompetanse - registrering og rapportering

Kompetanse – registrering og rapportering

Føremål:

Rutinen skal vere med å sikre at alle tilsette registrerer sin kompetanse/CV i Kompetansemodulen i Personalportalen. Leiarar skal få god oversikt over all kompetanse innan si eining og skal også kunne be om kompetanserapportar på tvers av einingar. Hordaland fylkeskommune skal kunne få ei betre utnytting av kompetanse på tvers av ansvarsområde og avdelingar.

Omfang:

Alle tilsette i Hordaland fylkeskommune skal registrere kompetansen sin i kompetansemodulen og har ansvar for at denne er oppdatert. Leiar har ansvar for å godkjenne kompetansen og legge til rette for at denne blir utnytta på best mogleg måte.

Gjennomføring:

- Alle tilsette i Hordaland fylkeskommune skal registrere CV og relevant kompetanse i Kompetansemodulen. Den tilsette har også ansvar for å vedlikehalde og oppdatere registrerte opplysningar. Leiar har ansvar for å godkjenne alle registreringar.
- Alle leiarar skal årleg ta ut rapport i Kompetansemodulen over tilsette utan CV-element, og be desse registrere CV-en sin i Kompetansemodulen.
- I samband med medarbeidarsamtalen bør leiar alltid gå gjennom CV og registrert kompetanse for alle sine medarbeidarar for å kontrollere at dette er oppdatert.
- Leiarar på alle nivå har moglegheit for å ta ut kompetanserapport innafor si eining. Personalseksjonen kan rettleie i bruk av Kompetansemodulen – uttak av rapportar.
- Ved Leiaropplæringskurs vert det gitt opplæring i bruk av Kompetansemodulen.
- I dei tilfella det er trong for kompetanserapport på tvers av avdelingane er det Personalseksjonen som kan gjennomføre uttak av rapport.

Forvaltningsrevisjonen "Bruk av digitale verktøy og læremiddel i vidaregåande skule" - status i høve til punkt 6.2, 8.1, 8.2 og 8.3 i tiltaksplan

Alle skular svarar på [Elevundersøkinga](#) til Udir, og i denne har også Opplæringsavdelinga moglegheit for å leggje til tilleggsspørsmål. Det har Opplæringsavdelinga gjort for å undersøkje bruken av digitale læremiddel, jf. punkt 6.2 i tiltaksplanen til forvaltningsrevisjonen. Resultata vert lagt inn i verktøyet for kvalitetsvurdering - [PULS](#).

I høve til samhandling mellom IT-seksjonen og Opplæringsavdelinga, punkt 8.1, er det grunna innføring av BYOD (bring your own device) og mellom anna rolleavklaring til IKT-konsulentar, eKoordinatorar og leiarar med IKT-ansvar, regelmessige møte mellom dei to instansane og dei nemde gruppene i regionane. I tillegg er leiar frå IT-seksjonen, leiar for seksjon skule og leiar for seksjon drift ved Opplæringsavdelinga no med på månadlege møte mellom IT og Opplæringsavdelinga.

Regionleiarane og leiar for seksjon skule i *system for verksemdbasert vurdering* (VBV) vert styringsgruppe for satsinga på læringsprosjekt, jf. punkt 8.2.

Tiltaka knytt til forvaltningsrevisjonen gjeld også for [Opplæringsavdelinga sin IKT-strategi for kompetanseheving og skuleutvikling](#), publisert på Intranett 26.06.14. Sjå punkt 8.3 i tiltaksplanen til forvaltningsrevisjonen .

IKT-strategien inneheld tre viktige *strategiske grep* for å sikre kompetanseheving og skuleutvikling:

- **satsing på læringsprosjekt**
- **satsing på skuleleiarar**
- **satsing på digital grunnkompetanse**

I førre rapport omtala vi 60 læringsprosjekt innan kompetanseutvikling og skuleutvikling/satsing på skuleleiarar som svar på tiltak i høve til punkt 3, 6, 7 og 8 i tiltaksplanen – no er talet 80.

Læringsprosjekta er omtala på [digitalskule.no](#) og utgjer kjernen i satsinga til Opplæringsavdelinga på pedagogisk bruk av IKT og skuleutvikling. På konferansen [Dei gode døma 27.-28. mars 2014](#) deltok 500 lærarar og skuleleiarar frå HFK og delte sine erfaringar og planar for læringsprosjekt, 11.-12. september på [Utvida eKoordinatorsamling](#) utgjorde denne typen prosjekt hovudtyngda i programmet – vidare kjem vi til å ha fokus på vidareutvikling av slike prosjekt på våre ulike delingsarenaer.

Skuleleiarar vert elles følgt opp gjennom eigne samlingar og nettverk, men rådgjevarar innan IKT kjem også til å samarbeide tettare med regionleiarane og VBV-teamet om oppfølging av denne gruppa.

I høve til [digital grunnkompetanse](#) så ligg mykje av materialet samla på nettstaden [digitalskule.no](#) og vert vidareutvikla der av [ePedagogane](#).

Svein Heggheim
Fylkesdirektør for opplæring

Linda Farestveit
Leiar seksjon skule

Namn på dokument
Type dokument
Utarbeidd av:

Godkjend av:
Godkjend dato:
Gjeld frå:

Revidert dato:
Arkivsak:
Side 2 av 2

Handlingsplan

– status per 17.09.2014, med vekt på 6.2, 8.1, 8.2 og 8.3

Tiltak	Mål	Omtale av tiltak	Resultatmål	Start/slutt	Ansvarleg	Status
1.1 PDS og FAU - samarbeid i høve til utvikling av digital kompetanse i faga	Styrke samarbeidet mellom PDS og FAU med tanke på utvikling av digital kompetanse i faga.	1) Felles planlegging og gjennomføring av faglege samlingar 2) Samarbeid rundt læringsprosjekt 3) ePedagogar følgjer opp tre faggrupper kvar 4) PDS og FAU samarbeidar i høve til oppfølging av NDLA	Betre organisering av fagleg utvikling med tanke på pedagogisk bruk av IKT-verktøy.	2012-2015	Leiar seksjon skole	<i>FAU og PDS-samarbeidet vert vurdert fortløpande. T.d. har nokre FAU etablert læringsprosjekt der ePedagogar og eKoordinatorar bidreg aktivt inn. Medan nye møtepunkt og arenaer for samarbeid og utviklingsarbeid vert diskutert.</i>
1.2 Skoleleiarar med formelt ansvar for den digitale satsinga	Etablere sterkare band mellom PDS-apparatet og skoleleiarar.	1) Ein skoleleiar med formelt ansvar for den digitale satsinga på kvar skole vert utpeikt av rektor 2) Seks regionale eRektorar vert	Betre oppfølging av satsinga på skolane.	2012 -	Fylkesdirektør	<i>1.) Gjennomført. Samlingar utført og planlagt. 2.) Gruppe oppretta i høve til arbeid med</i>

		innført som del av det regionale PDS-systemet				<i>IKT-strategi</i>
2.1 Digitale grunnkompetanse hjå elevar og lærarar - årleg kartlegging og oppfølging	Grunnleggande ferdigheiter og kjennskap til digitale verktøy for elev og lærar.	Krav til digital grunnkompetanse vert innført hjå elevar og lærarar. Årleg kartlegging og systematisk oppfølging på eigen skole. Rapportering til Opplæringsavd. gjennom årleg tilstandsrapport.	Auka digitale ferdigheiter og auka læring i alle fag.	2012 -	Leiar seksjon skole	<i>Nettstad for digital grunnkompetanse (elevar/lærarar) er etablert. Arbeidet på skulane vert følgt opp på skulebesøk av VBV-team</i>
2.2 Digital grunnkompetanse hjå skoleleiarar	Minstekrav til grunnleggande ferdigheiter og kjennskap til digitale verktøy for leiarar.	Kartlegging av behov og innføring av minstekrav vert innført hjå skoleleiarar. Årleg kartlegging og systematisk oppfølging på eigen skole. Rapportering til Opplæringsavd. gjennom årleg tilstandsrapport.	Leiarar er i stand til betre å leggje til rette for utvikling i avdelingane og fagseksjonane.	Haut 2013 -	Leiar seksjon skole	<i>Etablert og under stadig utbygging.</i>
3.1 Læringsprosjekt - innovasjon og forskning på eigen praksis	Styrke den pedagogiske og didaktiske kompetansen hjå lærarar.	1) Skolane set i verk og følgjer opp læringsprosjekt med støtte frå Opplæringsavd. 2) Læringsprosjekta inngår som grunnlag for aktivitet i faglege nettverk og i deling av undervisningsopplegg på og mellom skolane	Skolane jobbar aktivt med utprøving og evaluering av nye arbeidsmåtar.	2012 -	Leiar seksjon skole	1) <i>Sett i verk</i> 2) <i>Sett i verk</i>
3.2 Vidare- og etterutdanning	Styrke den pedagogiske og didaktiske	1) Kurs og arbeidsseminar vert vidareutvikla i regi av PDS og FAU	Lærarar er betre i stand til å vidareutvikle og prøve	2012 -	Leiar seksjon skole	1) <i>Felles planlegging av kurs/</i>

	kompetansen hjå lærarar.	2) Kartleggje og fremje eksterne fagtilbod	nye arbeidsmåtar i faga.			<i>arbeidsseminar er gjennomført. 2) Tilbod vert lagt fram i PDS forløpande.</i>
4.1 Klargjere IKT-konsulentane si rolle	IKT-konsulentane har klare arbeidsoppgåver og tydelege ansvarsområde på skolane.	Endring i nett og pc-ordning gjev nye utfordringar for IKT-konsulentane. Kartlegging av desse og inngåande diskusjon mellom berørte partar skal resultera i ei rolleforståing betre rusta til å møte framtidige utfordringar.	IKT-konsulentane bidrar meir aktivt i skolane si digitale utvikling.	2013-	Fylkesdirektør	<i>IKT-konsulentane si rolle har vore diskutert på ulike samlingar. Regionale samlingar arr. av IT og Oppl. med eKoordinatorar og leiarar med IKT-ansvar avklarar gjere mål fortløpande</i>
6.1 IKT-området i Opplæringsavdelinga sitt oppfølgingsarbeid (Styringsdokument og System for Verksemdbasert Vurdering – VBV)	Styrke opplæringsavdelinga sitt oppfølgingsarbeid overfor skolane.	Utviklingsarbeid på skolane (læringsprosjekt tiltak 3.1 og skoleleingsprosjekt 7.1), og kartlegging og oppfølging av elev, lærar og skoleleiar sin digitale kompetanse (tiltak 2.1/2.2) vert sentralt i oppfølgingsarbeidet.	Fleire kjelder og omtalar av den digitale satsinga vert del av oppfølgingsarbeidet overfor skolane.	Haut 2012 -	Leiar seksjon skole	<i>Rådgjevarar innan IKT-området har delteke på fleire skulebesøk og seksjonen som heilskap (VBV) har tydelegare fokus på mål og tiltak i skulane sine utviklingsplanar og tilstandsrapportar.</i>
6.2 Undersøking av skolane sin bruk av NDLA og andre digitale	Styrke opplæringsavdelinga sitt oppfølgingsarbeid og danne eit bilde av den	Opplæringsavdelinga vil foreta ei undersøking i høve til kor mykje og korleis ulike verktøy og læremiddel vert brukt.	Fleire kjelder og beskrivelser av den digitale satsinga vert del av oppfølgingsarbeidet	Vår 2014	Leiar seksjon skole	<i>I varetake gjennom den årlege Elevundersøkinga. Resultatet vert føljt</i>

hjelpemiddel	digitale satsinga totalt.		ovanfor skolane.			<i>opp i PULS, mellom anna av VBV-teamet</i>
7.1 Leiingsprosjekt - innovasjon og forskning på eigen praksis	Integrere bruk av IKT i skoleleiinga - administrativt og pedagogisk.	Skolane set i verk og følgjer opp leiingsprosjekt med støtte frå Opplæringsavd.	Leiinga på skolane nyttar IKT-verktøy på nye måtar, som effektiviserer og betrar arbeid med skoleleiing.	Vår 2013 -	Leiar seksjon skole	<i>Prosjekt er sett i verk. Erfaringar frå desse vert delt på ulike samlingar</i>
7.2 Forum for skoleleiing og IKT	Utvikle kompetanse i skjæringspunktet mellom perspektiv på skoleleiing og bruk av digitale verktøy i arbeid med leiing.	1) Etablere ei ressursgruppe med skoleleiarar som jobbar med/ deltek i prosjekt med tanke på leiing og IKT (knytt til utviklingsarbeid på eigen skole) 2) Diskusjon og deling av erfaringar i forum for skoleleiing og IKT (etablere arena for både fysiske og digitale møte) 3) Fremje tilbod om kurs og kompetanseheving	Skoleleiarar vert kjende med perspektiv på skoleleiing og utviklar eigne strategiar for bruk av IKT som reiskap for leiing.	Haust 2013 -	Leiar seksjon skole	<i>Ei ressursgruppe er etablert . Ein nettstad med oversyn over utviklingsarbeid vert arbeidd med, i høve til oppgåvene til gruppa som dig. gr. komp. og ped. utviklingsarbeid</i>
7.3 Resultat og tiltaksstyring ved hjelp av IKT	Styrke bruken av digitale hjelpemiddel i arbeidet med resultatvurdering og styring av tiltak på skolane.	Nye verktøy for å registrere og handsama informasjon om utvikling på eigen skole vert prøvd ut og evaluert.	Breiare datagrunnlag og nye arbeidsmåtar gir eit betre grunnlag for å målretta utviklingsarbeidet på skolane.	Haust 2013 -	Leiar seksjon skole	<i>Verktøyet PULS er kjøpt inn, og fleire arbeidsseminar for skuleleiarar er haldne. Andre kartleggingsverktøy vert prøvd ut kontinuerleg.</i>
8.1 Mandat for samhandling mellom IT-	Styrke samhandling og kommunikasjon mellom Opplæringsavdelinga, IT-	Mandat for samhandling mellom IT-seksjonen og Opplæringsavdelinga vert utarbeidd.	Teknisk tilrettelegging hjå skolane har forankring i behov og konsekvensar for	2014-	Fylkesdirektør	<i>IT og Oppl. gjennomfører regionale møte/kurs</i>

seksjonen og Opplæringsavdelinga	seksjonen og skolane.		den digitale utviklinga hjå skolane og elevane si læring.			<i>for aktørar frå skolane. Månadlege møte mellom IT og Oppl. avd. er utvida til også å inkludere leiarnivå.</i>
8.2 Styringsgruppe for læringsprosjekt/ skoleleiingsprosjekt	Nytta prosjekta til pedagogisk utviklingsarbeid og strategisk skoleutvikling generelt.	Styringsgruppe vert nedsett for å drøfte resultat frå utviklingsarbeid hjå skolane (læringsprosjekt tiltak 3.1 og skoleleiingsprosjekt tiltak 7.1).	Teknisk tilrettelegging og satsing på kompetanseheving og læremiddel vert betre forankra i resultat frå pedagogiske utprøvingar på skolane.	2014-	Fylkesdirektør	<i>VBV-teamet ved regionleiarane og leiar for seksjon skule utgjør styringsgruppe frå hausten 2014 av</i>
8.3 IKT-strategi for vidaregåande opplæring i HFK	Styrke fokuset på elevane si læring i den digitale satsinga.	Opplæringsavdelinga, saman med skolane, utarbeider felles IKT-strategi for vidaregåande opplæring i HFK for perioden 2014-2018.	Betre læring og auka fullføring hjå elevane.	Vår 2014	Fylkesdirektør	<i>IKT-strategien til Oppl. vart publisert på Intranett 26. juni 2014</i>



Notat

Dato: 27.08.2014
Arkivsak: 2014/10537-7
Saksbehandlar: oivbjor

Til:	Kultur- og ressursutvalet
Frå:	Fylkesrådmannen

Handlingsplan – tilskotsforvaltninga på kulturfeltet

Det vert vist til fylkestinget sitt vedtak på møte den 11.06.2014 (sak PS/22) angående framlagt rapport om forvaltningsrevisjon innafor kulturområdet. I fylkestinget sitt vedtak pkt. 8 vert fylkesrådmannen beden om å syte for å:

Laga ein handlingsplan innan 01.10.2014 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga

Under følgjer fyrst generelle merknadar knytt til tilrådingane som er gitt. Deretter følgjer ein gjennomgang av aktuelle tiltak, gjennomføringstid og ansvarleg utførar. Avslutningsvis vert tiltaka knytt til dei einssilde tilrådingane med referanse (stikkord) til kva tiltak som vil verte sett i verk eller vurdert sett i verk.

Generelle merknadar

I samband med Regional kulturplan 2014 -2015 er det varsla ein samla gjennomgang av tilskotsfeltet. Det kan ventas ei omlegging, mellom anna for å skapa best mogleg samanheng mellom målsettingane i planen og fylkeskommunen sin bruk av tilskotsmidlar. Dette er nemnt som eit vesentleg og sjølvstendig tiltak, men vil også vere premiss og danne kontekst for dei andre tiltaka.

Midlane skal forvaltast i samsvar med lovverk/retningsliner og på ein økonomisk forsvarleg måte. Tilrådingane som gjeld forvaltningsrettslege minstekrav, er brot på eksisterande retningsliner og instruks i avdelinga. Det har vore arbeidd systematisk med å lukke desse avvika i etterkant av tildelinga i 2012 , mellom anna gjennom eit eige prosjekt (kvalitetssikringsprosjektet), etablert hausten 2013. Det er utforma generelle retningsliner for sakshandsaming av tilskotssaker og brevmalar som fyller lovkrava m.m. Saman med styrka kunnskap og fokus på feltet er stoda i dag vesentleg betre enn i 2012. Arbeidet med å sikra seg mot slike avvik held fram med høgste prioritet.

Revisor gir også tilrådingar som gjeld utforminga av retningslinjer og rutinar knytt til skildringa av føremål, rapporterings og evalueringskrav mv. Tilstrekkeleg tydelege retningslinjer og rutinar på desse felta er naudsynt for å etablera forsvarleg forvaltning. Samstundes er det viktig å vurdere tilrådingane/tiltak i ein større samanheng der kulturlivet sin eigneart, uavhengigheit og demokratiske funksjon er sentrale omsyn. Mange av dei viktigaste verdiane kulturlivet representerer lar seg vanskeleg avgrense og måle på ein objektiv og presis måte. Det kan difor vera tenleg å nytte omgrep og formuleringar som let att nok rom for desse meir subjektive kvalitetane. Vert rammene trekt for stramt, kan det til dømes stimulera til ei målforskyving i kulturlivet, der det vert lagt for stor vekt på objektive, målbare sider av verksemda/prosjekta for å oppnå fylkeskommunal finansiering.

Kva vekt dei ulike omsyna bør ha vil variere frå felt til felt. Kulturforvaltninga si utfordring er å finne eit tenleg balansepunkt for den einskilde ordning.

Tiltak:

- a. *Samla gjennomgang av tilskotsfeltet i løpet av 2015*
Gjennomgangen av tilskotsverksemda kan, direkte og som ein meir undreleggjande premiss - ventast å ha tyding også for dei tilrådingane som er gitt. Det vil mellom anna vera naturleg å vurdere:
- kva målsetting og omfang/innretting tilskotsverksemda bør ha. Talet på tilskotsordningar er høgt, og for nokre av desse kjem det inn mange søknadar til kvar fordeling. Det vil til dømes vera relevant å sjå på om:
 - o Ordningar bør avviklast/slåast saman,
 - o Kor mange fordelingar som bør gjerast kvart år,
 - o Innhaldet i retningslinene, til dømes om vilkåra for tildeling bør innehalde større grad av enkle/objektive vilkår og mindre kompliserte skjønstema,
 - o Om det kan vera tenleg med delegasjon for nokre ordningar,
 - Kva som er optimal arbeidsfordelinga mellom sakshandsamarar og merkantile funksjonar.
 - Vurdere om dei datatekniske verkemidla kan nyttast betre/meir effektivt og om det er behov for andre/nye løysingar, kurs eller anna. Tiltaket må sjåast i samanheng med at det er nedsett ein eige arbeidsgruppe for e - forvaltning i fylkeskommunen der avdelinga er representert. Betre teknisk reiskap for sakshandsaming har vore etterspurd og det er grunn til å tru at dette kan vera eit vesentleg grep.

Tidsrom: 2015

Ansvarleg: Kultur- og idrettsavdelinga og Kultur- og ressursutvalet

- b. *Utarbeiding/revisjon av nødvendige retningslinjer/malar i kvalitetssystemet.*

Generelle retningslinjer om sakshandsaming av tilskotssakar er utforma og vert gjort tilgjengeleg i Kvalitetssystemet. Retningslinjene har hovudfokus på forvaltningsrettslege krav som til dømes habilitet, utlysing, saksførebuing, grunngeving utforming av saksframlegg med meir.

Det er utarbeidd malar for tilsegnsbrev, avslag, og førebelse svar, som fyller forvaltningsrettslege krav. Både utarbeidinga av generelle retningslinjer og malar er knytt til kvalitetssikringsprosjektet, som er gjennomført. Det som står att vil verte slutført i løpet av hausten 2014. Det sentrale vil etter dette vera å sjå til at dette vert implementert tilstrekkeleg i organisasjonen. Opplæringstiltak jfr. pkt. c under er sentrale i så måte.

Tidsrom: Hausten 2014

Ansvarleg: Kultur- og idrettsavdelinga

c. *Avdelingsintern gjennomgang av og opplæring i forvaltningsrettslege rettsreglar hausten 2014/våren 2015. (eventuelt med tillegg av fylkeskommunale/eksterne kurs.)*

Det vert gjennomført systematisk intern gjennomgang av gjeldande rettsreglar og retningslinjer/rutinar med deltaking frå sakshandsamarar og involvert merkantilt personell. I utgangspunktet vert det nytta interne ressursar. Førebels er det lagt opp følgjande framdrift:

- Utforming av opplegg hausten 2014.
- Seksjonsvis gjennomgang frå medio september 2014 og ut over hausten 2014. Nærare tidspunkt vert avklart i samråd med seksjonsleiarar.

Av tema som skal takast opp kan nemnast:

- Fylkeskommunen sitt rettsgrunnlag/grunnlaget for utøving av mynde, delegasjons/fullmaktsreglement og tilhøvet mellom administrasjon og politisk nivå.
- Sentrale forvaltningsrettslege rettsreglar og omgrep (vedtak, part, kontradiksjon, innsyn, habilitet, mv),
- Særleg gjennomgang av habilitet og rutinar for dette,
- Særleg gjennomgang av krav om arkivering/journalføring
- Reglar om saksførebuing, midlertidig svar, krav til saksutgreiing, mellom anna forståing/praktisk bruk av vedtekne retningslinjer generelt og knytt til avgjerd i den einskilde sak.
- Reglar om utforming av saksframlegg, krav til grunngeving
- utforming av underrettingsbrev og krav til dette, rutinar for bruk av malar mv.
- handsaming av klage
- Krav til
 - o Rapportering og rutinar for oppfølging
 - o kontroll (oppfølging/omgjering/krav om tilbakebetaling
 - o Evaluering av ordningar

Tidsrom: Hausten 2014

Ansvarleg: Kultur- og idrettsavdelinga

d. *Tettare og systematisk rådgiving/oppfølging av tilskotsfeltet/tildelingar (Controllerfunksjon)*

Avdelinga vil i sterkare grad prioritera kontakt med sakshandsamarar i handsamingsfasen og i større grad medverke til at framlegg førebuing og saksframlegg vert utforma i tråd med krava. Jurist har eit tettare fokus på tildelingane, gjennomgår/evaluerar tildelingar og gir forslag til endringar/forbetringar.

Tidsrom: Er sett i verk og vil vera løpande
Ansvarleg: Kultur- og idrettsavdelinga

- e. Etablering av samarbeid med regionalavdelinga gjennom oppretting av eit samarbeidsfora.
- Identifisere aktuelle samarbeidsfelt/punkt (KUP o.a.)
 - Utarbeide ein fast møteplan
 - Arbeide med å etablere eit betre system for informasjonsflyt mellom avdelingane

Tidsrom: 2014/15

Ansvarleg: Kultur- og idrettsavdelinga

Merknader om status og tiltak knytt til dei einskilde tilrådingar

1. «*Utforme tydelegare føremål med tilskotsordningane som reflekterer korleis den enkelte ordninga skal bidra til å nå fylkeskommunale mål og strategiar på kulturområdet.*»

I Regional kulturplan går det fram at *alle tilskotsordningar i fylkeskommunen skal utformast og grunngjevast med klår forankring i dei fylkespolitiske målsettingane på kulturområdet*. I retningslinene til dei einskilde ordningane er føremålet formulert i eige punkt innleiingsvis. Vilkår og kriteria understøttar og utdjupar dette overordna føremålet. Det vil difor ofte vera klargjerande å sjå føremålsregelen i samanheng med vilkår og kriterier for skjøn.

Kravet om klar forankring vil leia til auka fokus på tydeleg formulering av føremålet med den einskilde ordning og samanhengen med fylkeskommunale prioriteringar. Samstundes er det gjerne ynskjeleg/tenleg at ordningane femner over eit vidt register av tiltak og kulturuttrykk og gjev rom for nyskapande og spanande prosjekt. Det kan då - etter tilhøva - vera rett å nytte meir skjønsprega omgrep, det kan vere riktig å sjå til at formuleringa av føremålet ikkje legg unødig strame band på bruken av midlane. Særleg gjeld dette tilskot til kunstprosjekt, der det kunstfaglege skjøn er avgjerande og det av prinsipielle omsyn vil vera viktig å sikre kunstnarleg fridom. Kor tydeleg føremålet vert utforma vil etter dette vera avhengig av ei konkret vurdering og avveging knytt til den einskilde ordning.

Tiltak:

- Samla gjennomgang av tilskotsforvaltninga

- Revisjon av retningsliner
- Gjennomgang av rettsreglar og retningsliner

2. Sikre at tilskot som blir tildelt over budsjettposten «til rådvælde» blir tildelt i samsvar med krav i forvaltningslova og sentrale forvaltningsrettslege prinsipp.

Praksis knytt til «til rådvælde» posten vil inngå i den samla gjennomgangen av kulturfeltet. Eit aktuelt utfall er at midlane på posten vert overført til eksisterande tilskottsordningar og fordelt i medhald av vedtekne retningsliner som oppfyller forvaltningsrettslege krav. Midlane kan eventuelt inngå i ein post til oppfølging av kulturplanen. I dette ligg det at opne søknadar - som ikkje passar inn under ei eksisterande tilskottsordning vil verte avvist. Det vil vera viktig at ei slik endring av praksis vert tydeleg kommunisert ut til brukarane.

Tiltak:

- Samla gjennomgang av tilskotsforvaltninga
- Utforming av retningsliner (malar er utforma)
- Gjennomgang av rettsreglar og retningsliner

3. Sikre at sakshandsaminga i samband med kulturtilskot er i samsvar med krav i forvaltningslova, herunder:

- *Sikrar at det blir sendt førebels svar jf. § 11 a, 3. ledd.*
- *Sikrar at vedtak er tilstrekkeleg grunngjeve, og at grunngjeving for vedtak er dokumentert, jf. § 24, § 25 og § 27.*
- *Sikrar at informasjon om klageåtgang er korrekt jf. § 27.*
- *Sikrar at det blir tatt kontakt med søkjar dersom det blir vurdert som aktuelt å vurdere ein søknad innanfor ei anna tilskottsordning enn den det er søkt om, jf. § 11.*

Hausten 2013 vart det etablert eit prosjekt (kvalitetsprosjektet) som mellom anna skal bidra til å sikre at sakshandsaminga er i samsvar med gjeldande rett. Det er mellom anna utarbeid generelle retningsliner som omhandlar dei aktuelle punkta, og det er utarbeid malar til dei einiskilde ordningane som skal sikre at lov og reglementskrav er stetta.

a. Sikre at det vert sendt førebels svar jfr. § 11a, 3 ledd:

At det ved nokre høve ikkje vart sendt førebels svar til søkar ved fordelingar i 2012 var eit brot på gjeldande rutinar i avdelinga. Som del av prosjektet, som nemnt over, er det utarbeid malar til kvar tilskottsordning som fyller dei formelle krava i fvl § 11 a, tredje ledd. Instruks og rettleiing er tatt inn i retningsliner for handsaming av sakar om tilskott, som er tilgjengeleg i kvalitetssystemet. Reglane om midlartidig svar og eksisterande rutinar knytt til dette vil verte del av opplæringsopplegget for sakshandsamarar og merkantilt tilsette i avdelinga.

Tiltak:

- Lokale retningsliner /malar
- Gjennomgang av rettsreglar og retningsliner
- Nærare oppfølging av avdelinga

- Gjennomgang av eventuelle tekniske løysingar

b. Sikrar at vedtak er tilstrekkeleg grunngeve, og at grunngeving for vedtak er dokumentert, jf. § 24, § 25 og § 27.

Kultur- og ressursutvalet skal grunnge sine einskildvedtak. Om Kultur- og ressursutvalet sluttar seg til rådmannen si innstilling, vil det vera innhaldet i denne som er grunngevinga. Om Kultur- og ressursutvalet sitt vedtak ikkje er i samsvar med tilrådinga eller har ei anna grunngeving, er det viktig at grunngeving vert formulert og protokollert. I tillegg til å sikra tilstrekkeleg grunngevinga i saksframlegget, er det behov for at Kultur- og ressursutvalet formulerer ei grunngeving når tilrådinga ikkje vert fylgd (eller ein ynskjer å gje ei anna grunngeving).

Kravet om grunngeving går fram både av sentrale styringsdokument og retningsliner for sakshandsaming i avdelinga. I retningslinene for avdelinga er det også gjort noko greie for bakgrunn og innhald i desse. Kravet til grunngeving og korleis ein skal utforme slik grunngeving vil inngå i opplæringa og vera fokus ved juridisk oppfølging. Det kan også vere aktuelt å utforme malar til saksframlegg for Kultur- og ressursutvalet, der grunnjevingskravet og framgangsmåten er tydeleg disponert.

Tiltak:

- Utarbeiding av retningsliner/instruks (gjennomført)
- Oppfølging av grunnjevingskravet overfor sakshandsamarar /støttepersonell og Kultur- og ressursutvalet
- Oppfølging av avdelinga

c. Sikre at informasjon om klageåtgang er korrekt jfr. §27.

For kvar ordning er det utarbeidd eigen brevmal med underretting om vedtak (tildeling/avslag) I malen er det ei eige pkt. om rett til klage med slik informasjon som går fram av forvaltningslova § 27.

Tiltak:

- Utarbeide retningsliner/malar med rett ordlyd i Kvalitetssystemet
- Gjennomgang av rettsreglar og rutinar
- Oppfølging av avdelinga

d. Sikre at det vert tatt kontakt med søkar dersom det er aktuelt å handsame ein søknad innafor ei anna ordning en det er søkt om.

Søkar som har søkt i tide skal få handsama og avgjort sin søknad innafor den ordninga det er søkt om. Avdelinga har etter 2012 gjennomført innskjerping av dette for å sjå til at søknadar ikkje vert flytta til anna ordning utan samtykke frå søkar.

Dersom det er klart at søknaden ikkje kan takast til følgje innafor ordninga det er søkt på og samstundes ligg betre til rette innafor ei anna ordning vil det vera naturleg at sakshandsamar - som ledd i rettleiingsplikta - orienterar søkar om dette. Før det er aktuelt å handsame saka under ei anna ordning, skal sakshandsamar sørgje for at:

- Søkar er tilstrekkeleg informert om vilkåra og kvifor saka ligg betre til rette innafor ei anna tilskotsordning
- Søkar skriftleg stadfester at søker ynskjer at saka vert handsama innafor denne ordninga,
- Søkar mottar brev som stadfester at søknaden vert handsama under ei anna ordning i samsvar med søkar sitt ynskje.

Tiltak:

- Utforming av retningsliner og dokumentmal
- Opplæring av sakshandsamar og støttepersonell
- Oppfølging av avdelinga

4. Sikre at dokument som er ledd i sakshandsaminga blir arkivert i samsvar med fylkeskommunen sine egne retningslinjer og § 3-18 1. ledd i forskrift om offentleg arkiv, og at inn- og utgåande dokument som er gjenstand for sakshandsaming blir journalført, jf. § 2-6 i forskrift om offentleg arkiv.

Det sentrale er her å informera sakshandsamarar og merkantilt tilsette om innhaldet i reglane, kva krav som gjeld og korleis desse skal gjennomførast. Innføringa av Ephorte har vore eit vesentleg tiltak.

Tiltak:

- Opplæring av sakshandsamarar og støttepersonell
- Oppfølging av avdelinga

5. Etablere rutinar for oppfølging av rapportering frå tilskotsmottakarar.

Rapporter frå tilsegnsmottakarar vert fylgd opp, men det er naudsynt å sørgje for at dette arbeidet vert gjort meir systematisk og målretta. Etablering av rutinar for oppfølging av rapportering vil sakleg vera knytt til dei sentrale føremåla med rapportering:

- Kontroll med om tiltaket er gjennomført/midlar er nytta i samsvar med vilkår og føresetnader.
- Som del av grunnlaget for handsaming av nye søknadar
- Som grunnlag for evaluering av ordninga.

Etablering av rutinar for oppfølging av rapportering vil vera del av den gjennomgangen av tilskotsfeltet som er varsla. Med avgrensa personalressursar må graden av oppfølging sjåast i samheng med omfang og størrelse på tilskotta som vert fordelt under dei ulike ordningane. Avdelinga forvaltar mange ordningar og for nokre av desse vert det fordelt relativt små beløp til eit høgt tal søkarar, gjerne ved to tildelingar kvart år. Ved vurderinga av oppfølgingsrutinane er det difor viktig å finne fram til eit proporsjonalt/tenleg nivå for dei ulike ordningane.

Tiltak:

- Samla gjennomgang av tilskotsfeltet
- Utforming av retningslinjer
- Opplæring av sakshandsamarar og støttepersonell
- Oppfølging av avdelinga

6. Etablere system og rutinar for samarbeidet mellom kultur- og idrettsavdelinga og regionalavdelinga når det gjeld tildeling av tilskot, samt etablere system som gjev oversikt over ulike tildelingar av tilskot og økonomisk støtte frå fylkeskommunen.

Tilhøvet til Regionalavdelinga og behovet for ei lett tilgjengeleg samla oversikt over fylkeskommunen sine tilskotsordningar og tildelingar vil vera tema ved den samla gjennomgangen av tilskotsfeltet. Det eksisterer per i dag eit samarbeid, men dette bør klargjerast og systematiserast.

Ansvarer for å etablere og gjennomføre eit slikt samarbeid ligg til begge avdelingane. Frå Kultur- og idrettsavdelinga si side vil det hausten 2014 bli tatt initiativ for å utforme og formalisera eit slikt tettare samarbeid. Som del av dette bør det vurderast å etablere eit elektronisk system som gjer ei samla oversikt over fylkeskommunal støtte lettare tilgjengeleg for sakshandsamar. I den samanheng vil prosessen som går føre i arbeidsgruppa for e- forvaltning vera sentral.

Sentrale spørsmål vil vera:

Tiltak:

- Samarbeidsforum mellom avdelingane
- Faste møter mellom direktørane
- Deltaking på/etablering av felles arenaer mot eksterne aktørar/tilskotsmottakarar
- Involvering i høve regionalt næringsforum og partnerskapet som møtest der
- Notat til fylkesrådmannen om tilhøvet mellom avdelingane, med fokus på samhandling i tilskotsforvaltning og utviklingsarbeid

7. Etablere eit system for jamlege evalueringar av dei ulike tilskotsordningane for å sikre at dei blir nytta i samsvar med føremålet.

Evalueringa av tilskotsordningar vil vera tema ved gjennomgangen av tilskotsordningane. I retningslinjer for sakshandsaminga er det tatt med at dei einskilde tilskotsordningane skal evaluerast jamleg. Kva form for evaluering, metode, omfang, hyppigheit mv bør vurderast nærare for dei einskilde ordningane og føremåla med desse. Det vil også vera viktig å sjå spørsmålet om evaluering i samanheng med vurderinga av målekriterier og rapporteringskrav. Nokre ordningar har eit føremål og innretting som legg til rette for å evaluera objektivt og kvantitativt. For ordningar med meir samansett og mindre objektivt målbart føremål er det tenleg å nytte ein meir kvalitativ/kunst/kulturfagleg metode.

Tiltak:

- Samla gjennomgang av tilskotsfeltet
- Utforming av retningslinjer/malar
- Gjennomgang av rettsreglar og retningslinjer
- Oppfølging av avdelinga



Særutskrift sak 17/14

17/14 Hardangerbrua AS. Invitasjon til selskapskontroll.

Dokumentliste:

1. Selskapskontroll av Hardangerbrua AS – Invitasjon til deltaking. Datert 13.05.2014
2. Selskapskontroll av Hardangerbrua AS – Forslag til prosjektplan. 2014/14570-3.
3. Deloitte. Selskapskontroll av Hardangerbrua AS. Prosjektplan.

Fakta:

Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune har vald å gjennomføra Selskapskontroll og Forvaltningsrevisjon av Hardangerbrua AS. Og har invitert resten av eigarkommunane til å delta i denne selskapskontrollen, med svarfrist 30.09.2014. Granvin sin eigardel er på 6,67 %.

Vurdering:

Kontrollutvalet i Granvin herad, ser positivt på at det vert gjennomført selskapskontroll og forvaltningsrevisjon av Hardangerbrua AS. Men då KU har gjennomført ein større forvaltningsrevisjon i 2014, er budsjettet alt brukt opp for 2014.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet i Granvin herad takkar nei til invitasjonen.

Rett referert Granvin 17.09.2014.

Gunnar Ingvaldson Folkedal, utvalssekretær.

Fra: Gunnar I. Folkedal (gunnari@folkedal.net)
Sendt: 28.09.2014 21:37:18
Til: Roald Breistein
Kopi:

Emne: KU i Granvin. Hardangerbrua AS
Vedlegg: KU særutskrift sak 17-14.docx
Hei!

Sender vedlagt særutskrift av sak 17/14 frå kontrollutvalet i Granvin.

Mvh

Gunnar I. Folkedal, utvalssekretær.



Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune

Vår sakshandsamar: Kjartan Haugsnes

Dykkar ref.:
Vår ref: 2014/109
Vår dato: 02.10.2014

Partsbrev - Invitasjon til deltaking i selskapskontroll av Hardangerbrua AS

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Eidfjord kommune - 25.09.2014

Handsaming i møtet:

Etter sams drøfting i utvalet vart slikt forslag til nytt vedtakspunkt samrøystes vedteke:

Nytt punkt 3. Kontrollutvalet i Eidfjord kommune ønskjer at ein i framtidige invitasjonar til felles selskapskontroll med andre eigarar vert teke med i prosessen i utarbeiding av prosjektet.

Forslag til vedtak inkludert nytt punkt 3 vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

1. Kontrollutvalet i Eidfjord kommune seier nei til å delta i felles regional selskapskontroll av Hardangerbrua AS når det gjeld delen om eigarskapskontroll.
2. Kontrollutvalet i Eidfjord kommune seier ja til å delta i felles regional selskapskontroll av Hardangerbrua AS når det gjeld den delen som omfattar forvaltningsrevisjon. Dette under føresetnad av at minst 73,34 % av eigarane seier ja til å delta.
3. Kontrollutvalet i Eidfjord kommune ønskjer at ein i framtidige invitasjonar til felles selskapskontroll med andre eigarar, vert teke med i prosessen i utarbeiding av prosjektet.
4. Selskapskontrollen skal utførast av Deloitte i tråd med forslag til prosjektplan som ligg føre.
5. Kontrollutvalet ber om at Deloitte presenterer resultatet av selskapskontrollen for kontrollutvalet når den er ferdig.
6. Kostnadene til deltaking i prosjektet vert godkjent i tråd med utrekningsmodellen i invitasjon dagsett 13.5.14. I tillegg kjem kostnader til presentasjon av rapport for kontrollutvalet og opsjon på eventuell presentasjon for kommunestyret.
7. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan utgangen av november 2014 ferdig verifisert og med rådmannen og selskapet sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.

Med helsing

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kjartan Haugsnes
spesialrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Kopi til:
Ordførar
Rådmann
Eidfjord kommune
Utvalseiar

Fra: Kjartan Haugsnes (Kjartan.Haugsnæs@hfk.no)

Sendt: 02.10.2014 11:09:06

Til: Roald Breistein; Hagne Haktorsen

Kopi: 'anved-johan.tveit@eidfjord.kommune.no' (anved-johan.tveit@eidfjord.kommune.no); 'aud.lygre@eidfjord.kommune.no' (aud.lygre@eidfjord.kommune.no); 'Odd J Storebø' (ojstoreboe@ihrevisjon.no); Arne Gilbakken (Arne@ihrevisjon.no); Anne Lise Bleie (anne.lise.bleie@politikkeidfjord.no); 'post@eidfjord-byggevarer.no'; Eidfjord kommune; 'Sandvin Gunnhild' (gunnhild.sandvin@eidfjord.kommune.no)

Emne: Eidfjord kontrollutvalet Partsbrev Invitasjon til deltaking i selskapskontroll av Hardangerbrua AS

Vedlegg: Partsbrev - Invitasjon til deltaking i selskapskontroll av Hardangerbrua AS.pdf;image001.png


Hei

Her følger partsbrev frå kontrollutvalet sitt møte i Eidfjord kommune 25.09.2014

Sak: Invitasjon til deltaking i selskapskontroll av Hardangerbrua AS

Venleg helsing

Kjartan Haugsnes
Spesialrådgjevar
Sekretariat for kontrollutvalet



Tlf: 55 23 94 18 | Mob: 901 89 542

www.hordaland.no

*Eg gjer merksam på at dette ikkje er ei privat e-postadresse;
både inngåande og utgåande e-post vert vurdert for ev.
journalføring i vårt sak- og arkivsystem.*



Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune

Vår sakshandsamar: Kjartan Haugsnes

Dykkar ref.:
Vår ref: 2014/142
Vår dato: 06.10.2014

Partsbrev - Invitasjon til deltaking i selskapskontroll av Hardangerbrua AS

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Ullensvang herad - 26.09.2014

Handsaming i møtet:

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

1. Kontrollutvalet i Ullensvang herad seier nei til å delta i felles regional selskapskontroll av Hardangerbrua AS når det gjeld delen om eigarskapskontroll.
2. Kontrollutvalet i Ullensvang herad seier ja til å delta i felles regional selskapskontroll av Hardangerbrua AS når det gjeld den delen som omfattar forvaltningsrevisjon. Dette under føresetnad av at minst 73,34 % av eigarane seier ja til å delta.
3. Selskapskontrollen skal utførast av Deloitte i tråd med forslag til prosjektplan som ligg føre.
4. Kontrollutvalet ber om at Deloitte presenterer resultatet av selskapskontrollen for kontrollutvalet når den er ferdig.
5. Kostnadene til deltaking i prosjektet vert godkjent i tråd med utrekningsmodellen i invitasjon dagsett 13.5.14. I tillegg kjem kostnader til presentasjon av rapport for kontrollutvalet og opsjon på eventuell presentasjon for heradsstyret.
6. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan utgangen av november 2014 ferdig verifisert og med rådmannen og selskapet sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.

Med helsing

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kjartan Haugsnes
spesialrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Kopi til:
Ullensvang herad
Ordførar
Rådmann
Utvalseiar
IHR

Fra: Kjartan Haugsnes (Kjartan.Haugsnæs@hfk.no)

Sendt: 07.10.2014 13:11:07

Til: Roald Breistein; Hogne Haktorson

Kopi: Ullensvang herad; 'solfrid.borge@ullensvang.herad.no' (solfrid.borge@ullensvang.herad.no); hmor@ullensvang.herad.no; 'isak.reisaeter@ullensvang.herad.no' (isak.reisaeter@ullensvang.herad.no); post@ihrevisjon.no; Elin Bye (Elin@ihrevisjon.no)

Emne: Ullensvang kontrollutvalet partsbrev Invitasjon til deltaking i selskapskontroll av Hardangerbrua AS

Vedlegg: Partsbrev - Invitasjon til deltaking i selskapskontroll av Hardangerbrua AS.pdf;image001.png

Hei

Her følger partsbrev frå kontrollutvalet sitt møte i Ullensvang herad 26.09.2014


Sak Invitasjon til deltaking i selskapskontroll av Hardangerbrua AS

Venleg helsing

Kjartan Haugsnes

Spesialrådgjevar

Sekretariat for kontrollutvalet



Tlf: 55 23 94 18 | Mob: 901 89 542

www.hordaland.no

Eg gjer merksam på at dette ikkje er ei privat e-postadresse; både inngåande og utgåande e-post vert vurdert for ev. journalføring i vårt sak- og arkivsystem.



Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune

Vår sakshandsamar: Kjartan Haugsnes

Dykkar ref.:
Vår ref: 2014/125
Vår dato: 23.10.2014

Partsbrev - Invitasjon til deltaking i selskapskontroll av Hardangerbrua AS

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Kvam herad - 20.10.2014

Handsaming i møtet:

Forslag frå Gunnar Skeie til nytt punkt 3:

Kontrollutvalet i Kvam herad ønskjer at ein i framtidige invitasjonar til felles selskapskontroll med andre eigarar vert teke med i prosessen i utarbeiding av prosjektet.

Forslag til vedtak, inkludert nytt punkt 3 vart samrøystes vedteke

Vedtak:

1. Kontrollutvalet i Kvam herad seier nei til å delta i felles regional selskapskontroll av Hardangerbrua AS når det gjeld delen om eigarskapskontroll.
2. Kontrollutvalet i Kvam herad seier ja til å delta i felles regional selskapskontroll av Hardangerbrua AS når det gjeld den delen som omfattar forvaltningsrevisjon. Dette under føresetnad av at minst 73,34 % av eigarane seier ja til å delta.
3. Kontrollutvalet i Kvam herad ønskjer at ein i framtidige invitasjonar til felles selskapskontroll med andre eigarar vert teke med i prosessen i utarbeiding av prosjektet.
4. Selskapskontrollen skal utførast av Deloitte i tråd med forslag til prosjektplan som ligg føre.
5. Kontrollutvalet ber om at Deloitte presenterer resultatet av selskapskontrollen for kontrollutvalet når den er ferdig.
6. Kostnadene til deltaking i prosjektet vert godkjent i tråd med utrekningsmodellen i invitasjon dagsett 13.5.14. I tillegg kjem kostnader dersom Kvam herad ønskjer at Deloitte skal presentere rapporten for heradsstyret, jf. i den samanheng reknemodell som går fram av vedlagte invitasjon. Ettersom Deloitte er revisor for Kvam herad, og møter fast på kontrollutvalsmøta, tar ein for gitt at presentasjonen der er utan ekstra kostnader.
7. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan utgangen av november 2014 ferdig verifisert og med rådmannen og selskapet sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.

Med helsing

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kjartan Haugsnes
spesialrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Kopi til:
Kvam herad
Ordførar
Rådmann
Utvalseiar
Deloitte AS

Fra: Kjartan Haugsnes (Kjartan.Haugsnæs@hfk.no)

Sendt: 24.10.2014 09:33:15

Til: Roald Breistein; Hogne Haktorson

Kopi: 'bryland@deloitte.no'; Gunnar; Stein Ove Songstad; Birte Bjørkelo; 'Unni Renate'; 'stiolsen@DELOITTE.no'; Kari Gåsemyr; 'Gjermund Stuve (gjermund@nlth.no)'; 'gjermund@avloysing.no'; 'Tolo, Asbjørn' (asbtol@kvam.kommune.no); 'arild.steine@kvam.kommune.no'; 'sigrid.laupsa@kvam.kommune.no'; 'politisk.sekr@kvam.kommune.no'; 'Vik, Kari Weltzien'

Emne: Kvam kontrollutvalet partsbrev sak 3114 Invitasjon til deltaking i selskapskontroll av Hardangerbrua AS

Vedlegg: Partsbrev - Invitasjon til deltaking i selskapskontroll av Hardangerbrua AS.pdf;image001.png

Hei

Her følgjer partsbrev frå kontrollutvalet i Kvam herad sitt møte 20.10.2014

Sak 31/14 Invitasjon til deltaking i selskapskontroll av Hardangerbrua AS

Venleg helsing

Kjartan Haugsnes
Spesialrådgjevar
Sekretariat for kontrollutvalet



Tlf: 55 23 94 18 | Mob: 901 89 542

www.hordaland.no

*Eg gjer merksam på at dette ikkje er ei privat e-postadresse;
både inngåande og utgåande e-post vert vurdert for ev.
journalføring i vårt sak- og arkivsystem.*



Notat

Dato: 20.10.2014
Arkivsak: 2014/10533-25
Saksbehandlar: RB

Til: Fylkesrådmannen

Frå: Roald Breistein

Partsbrev - Forvaltningsrevisjon av forholdet mellom skuleeigar og skular - Revisjonsrapport

Saksprotokoll i fylkestinget - 15.10.2014

Kari Gåsemyr frå Deloitte presenterte resultatet av den gjennomførte forvaltningsrevisjonen av forholdet mellom skuleeigar og skular.

Dan Femoen sette på vegner av H fram slikt oversendingsforslag a) til opplærings- og helseutvalet:

"Disse representantene viser til forvaltningsrevisjonens problemstilling 4. Her fremgår det at det er utarbeidet en oversikt som gjør det mulig å sammenligne skoler med hensyn til elevene sitt resultat og gjennomføring. Ber om at denne oversikten oversendes opplærings- og helseutvalget.

Dan Femoen sette fram slikt forslag b):

"Fylkestinget ber om at forvaltningsrevisjonen vert oversendt opplærings- og helseutvalet til orientering."

Alexander Fosse Andersen sette fram slikt forslag:

"Tillegg etter første kulepunkt i punkt 1:
.....utan at dette medfører store rapporteringskrav for den enskilde lærar."

Røysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Andersen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Femoen sitt forslag a) vart oversendt på vegner av forslagsstillaren utan realitetsbehandling.

Femoen sitt forslag b) vart samrøystes vedteke.

Vedtak

På bakgrunn av forvaltningsrevisjonsrapport "Forholdet mellom skuleeigar og skular", ber fylkestinget fylkesrådmannen syte for å:

1. Vidareutvikle kvalitetssystemet slik at ein får eit system som i større grad bidrar til å vurdere om alle krav i opplæringslova blir følgt, herunder:
 - etablere eit avviksmeldesystem som bidrar til å sikre at avvik frå opplæringslova blir meldt, handtert og dokumentert utan at dette medfører store rapporteringskrav for den ein skilde lærar
 - vurdere å gjennomføre risikobaserte stikkprøvekontrollar innanfor ulike område for å bidra til å avdekke avvik frå krav i lov og forskrift
2. Vidareutvikle plan- og rapporteringsarbeidet ved skulane ved å
 - utarbeide meir skriftleg rettleiing eller dømme på korleis data frå PULS kan nyttast i plan- og rapporteringsarbeidet ved skulane, mellom anna for å sikre fokus på gjennomføring
 - gjennomføre planlagt opplæring i analyseverktøyet PULS for å sikre at skulane og fylkeskommunen får best mogleg utbytte av systemet
 - i større grad gi rom for og følgje opp dei skulevise utviklingstiltaka som ikkje direkte kan knytast opp til skuleeigar sine definerte tiltaksområde
3. Avklare kva oppfølging rektorane saknar med omsyn til mellom anna økonomispørsmål, og vurdere å vidareutvikle den oppfølginga som blir gitt.
4. Klargjere regionleiarane si rolle og fullmakter ved at det blir utarbeidd dokument som gjer greie for kva mynde dei er delegert.
5. Prioritere planlagt arbeid med å utarbeide omtalar av ansvar og prosedyrar innan personalområdet.
6. Utarbeide ein langsiktig strategi for å sikre nødvendig og tilstrekkeleg kompetanse i framtida mellom anna til yrkesfaga.
7. Sikre at skuleeigar i sine rapportar frå skulebesøka systematisk omtalar gjennomføring i tillegg til status på tiltaksområda for å halde fokus på dette overordna målet.
8. Sikre at oppfølgingsdialogen med skulane også har fokus på skulen si vurdering av sluttårsaker i tillegg til den informasjonen som går fram av statistikken for å sikre best mogleg tilpassing av tiltak.
9. Sikre at dei skulane som kunne ha nytte av å sjå kva andre skular lukkast med under liknande vilkår, når det gjeld gjennomføring, får informasjon og blir følgt opp systematisk i høve til dette.
10. Laga ein handlingsplan innan 02.01.2015 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgje opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.
11. Fylkestinget ber om at forvaltningsrevisjonen vert oversendt opplærings- og helseutvalet til orientering.



Arkivnr: 2014/13022-10

Saksbehandlar: Jon-Rune Smørdal

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet	211/14	24.09.2014
Fylkestinget	58/14	14.10.2014
Kontrollutvalet	74/14	03.11.2014

Tertialrapport pr. 31. august 2014 - rekneskapsprognose

Samandrag

Tertialrapporten etter 2. tertial viser eit meirforbruk på 35 mill. kr. Det er innanfor samferdsel og opplæring det ligg an til meirforbruk. Skatteinntektene viser ein mindre svikt samanlikna med det som er budsjettert, medan det for rentekapitlet ser ut til å gå mot ei mindre innsparing. Streiken i undervisningssektoren gjev også innsparing for lønsavsetjingane. Med tanke på at totalbudsjettet for fylkeskommunen er på vel 7 300 mill. kr er avviket i prognosen lite.

Innanfor samferdselsområdet er det særleg trafikkinntektene som skil seg negativt ut. Så langt i år ser det ut til å gå mot ein svikt i inntektene på 50 mill. kr samanlikna med det som er budsjettert. Grunnen til avviket er i stor grad at det er større overgang frå kjøp av einskildbilletter til periodekort og mobilbilletter. På kostnadssida i samferdselssektoren er det derimot godt samsvar mellom rekneskap og budsjett.

På investeringsbudsjettet har fylkesrådmannen forslag om nokre endringar særleg innanfor opplæringssektoren og for fylkesvegane. I tillegg vert budsjettet foreslått justert for inntekter frå sal av eigedommar og eigenkapitaltilskot til KLP – ved innmelding i KLP – vert foreslått dekkja av kapitalfondet.

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget tek tertialrapporten til orientering.
2. Det vert gjort følgjande endringar i investeringsbudsjettet:

Stad	Art	Prosjekt	Tekst	Meirutg./ mindreinnt.	Mindreutg./ meirinnt.
10	130 501 00	02301	07006 Fylkeshuset ombygg.		2 000 000
10	300 420 00	02301 00	07602 Fylkesveginvesteringar		93 500 000
10	300 420 00	06201 00	07602 Bompengar	58 700 000	
10	300 420 00	08100 00	07602 Overføring frå staten	30 500 000	
10	300 420 00	08500 00	07602 Overf. frå kommunar	3 000 000	
10	300 420 00	08900 00	07602 Overf. frå andre	1 000 000	
10	310 220 00	02000 00	07801 Billetteringssystem	3 300 000	
10	310 235 00	02100 00	07803 Bybanen - vognmateriell	23 000 000	
10	320 075 00	02301 00	07902 Bybanen 3. byggesteg		255 000 000
10	320 075 00	06201 00	07902 Bybanen - bompengar	255 000 000	
10	621 020 00	02301 00	06030 Bergen katedralskole		4 000 000
10	632 020 00	02301 00	06028 Nye Voss vgs.	5 000 000	
10	639 020 00	02301 00	06020 Årstad vgs.	30 000 000	
10	642 020 00	02301 00	06032 Bergen tekn. fagsk.		9 000 000
10	657 020 00	02301 00	06033 Hjeltnes vgs.		15 000 000
10	740 020 00	05290 00	07112 Eigenkapitalinnskott KLP	53 700 000	
10	773 200 00	06701 00	07318 Sal av eigedomar		45 000 000
10	773 200 00	05480 00	07318 Avsetjing til kapitalfond	45 000 000	
10	778 020 00	02301 00	01999 Tannklinikkar		20 000 000
10	790 100 00	09100 00	09977 Bruk av lån		30 800 000
10	790 100 00	09480 00	09977 Bruk av kapitalfond		53 700 000
10	790 110 00	07290 00	09977 Momskompensasjon	19 800 000	
				528 000 000	528 000 000

3. Fylkestinget godkjenner overføring av 11,3 mill. kr frå programområda Gang- og sykkelvegar (utanom Bergen) og Mindre utbetringar (utanom Bergen) på fylkesvegbudsjettet til Trafikksikringstiltak (utanom Bergen).

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Johnny Ernst Stiansen
fylkesdirektør økonomi

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 15.09.2014

Investeringar

Tabellen gjev oversyn over kor mykje som er brukt til investeringar pr. 2. tertial:

	Reknesk. pr. aug.	Årsbudsj.	Forbruk i % av årsbud.
Administrasjon og fellesfunksjonar	30 668	64 000	47,9 %
Årstad vgs.	89 805	110 000	81,6 %
Amalie Skram vgs.	133 678	175 000	76,4 %
Nye Voss vgs.	34 991	110 000	31,8 %
Andre prosjekt opplæring	89 029	201 900	44,1 %
Tannhelsetenesta	3 205	30 000	10,7 %
Regional utvikling	0	1 000	0,0 %
Fylkeskommunal næringsverksemd	1 316	0	
Fylkesvegar	806 873	1 779 790	45,3 %
Bybanen	870 698	1 604 000	54,3 %
Andre prosjekt samferdsel	55 824	79 800	70,0 %
Kultur	2 328	3 000	77,6 %
	2 118 415	4 158 490	50,9 %

Tabellen viser at 50,9% av årsbudsjettet for investeringar er brukt ved utgangen av 2. tertial. Fylkesrådmannen tilrår å gjere nokre budsjettjusteringar i enkelte av investeringsprosjekta og årsaka til dette er nærare omtalt nedanfor.

Erfaring frå tidlegare år viser at det særleg innanfor veginvesteringane og bybaneutbygginga vert rekneskapsført høvesvis meir midlar i 3. tertial enn i dei to føregåande. Fylkesrådmannen reknar difor med at mesteparten av investeringsbudsjettet vert nytta, sjølv om ein etter to tertial så vidt har passert eit forbruk på 50% av budsjettet.

Fellesfunksjonar

Fylkeshuset – ombygging/opprustning

Prognosen er at det vil bli brukt om lag 2 mill. kr mindre i år enn budsjettet, så fylkesrådmannen tilrår å redusere budsjettet frå 4 mill. kr til 2 mill. kr.

Profilering av eigedomar

Løyvinga i 2014 på 10 mill. kr. Prosjektet pågår for fullt, men ein ser at arbeidet tek noko lengre tid enn føreset, mellom anna som følgje av at det ofte er tale om søknadsplikt i samband med oppsetjing av fasadeskilt. Fylkesrådmannen legg til grunn at ein vil kostnadsføre om lag 10 mill. kr i 2014, men det er behov for løyving også i 2015 for å få fullført prosjektet. Dette må sjåast i samanheng med mindreforbruk i 2013.

IT - fellessystem

Løyvinga er på 25 mill. kr og prognosen er å halda seg innanfor denne ramma. Fleire prosjekt er starta opp, men vil ikkje generere direkte utgifter før mot slutten av året.

Eigenkapitalinnskott KLP

Etter at DNB gjorde det kjent at dei ville trekkje seg ut av marknaden for kommunal tenestepensjon, vedtok fylkestinget at Hordaland fylkeskommune skulle melde seg inn i pensjonsordninga for tilsette og folkevalde i KLP. I samband med flytting av pensjonsordninga, har KLP kravd inn eit eigenkapitaltilskott på 49 mill. kr. I tillegg kjem ei årleg oppjustering av eigenkapitaltilskottet, som i 2014 vart på 4,7 mill. kr. Samla er det betalt inn 53,7 mill. kr. Fylkesrådmannen rår til at dette vert finansiert med bruk av kapitalfondet.

Kapitalfondet var på 100,9 mill. kr ved inngangen av året, og med endringane som er foreslått i denne saka, vil 100 mill. kr i salsinntekter bli tilført fondet i 2014.

Opplæring

Rehabilitering/ombygg/mindre tilbygg i skulesektoren

Denne posten omfattar ulike prosjekt knytt til ombygging/tilbygg i skulesektoren, samt inneklimateiltak, enøk tiltak, universell utforming med meir. Pr. utgangen av august er det kostnadsført 80 mill. kr i 2014 og budsjettet i år er på 120 mill. kr. Dei største løyvingane i år gjeld universell utforming med 25 mill. kr og inneklimateiltak ved Bergen Maritime vgs. med 10 mill. kr. Til møte i fylkesutvalet i september er det vidare foreslått løyvingar til pågåande prosjekt knytt til universell utforming og prosjekt ved Stend vgs. Fylkesrådmannen legg til grunn at samla forbruk i 2014 vert om lag som budsjettet.

Amalie Skram videregående skole - nybygg

Framdrifta er i samsvar med reviderte planar og skulen vart tatt i bruk til skulestart til hausten. Prognosane tyder på eit forbruk i 2014 om lag i samsvar med budsjettet på 175 mill. kr. Det er enno noko uvisse knytt til kontraktavsluttingar, og einskilde sluttoppgjær vil truleg først bli klare i 2015.

Årstad videregående skole – tilbygg / rehabilitering

Som opplyst i rapporteringa for 1. tertial er det no utarbeida revidert plan for framdrift og økonomi. Eit nytt tiltak er flytting av tilrettelagt opplæring frå Margaretastredet på Nordnes til 4. etasje i bygg B. Den tilrettelagte opplæringa som er på Årstad vgs i dag, vert samla i 3. etg. i bygg B. Desse tiltaka har auka kostnadene for inneverande år. Fylkesrådmannen tilrår derfor å auke budsjettet med 30 mill. kr i år for å halde framdriftsplanen. Til saman er då budsjettet 140 mill. kr i 2014.

Nye Voss vidaregåande skule

Forprosjektet vart godkjent av fylkestinget i juni i sak nr. 25/2014. Fram til skulestart i 2014 har ein etablert mellombels skule, nytt reiskapslager, parkeringsplass, interne gardsvegar og omlegging av kablar og leidningar. Dette for å førebu arbeidet med sjølve skulebygget som starta opp i august i år med riving av bygningar på skuletomten, før sjølve byggearbeidet tek til i september. Løyvinga for inneverande år vart justert til 110 millionar kroner i 1. tertialrapport Så langt er det god framdrift i prosjektet, og prosjektet ligg no an til å få eit forbruk i 2014 på om lag 115 millionar kroner, så fylkesrådmannen tilrår å auke budsjettet med 5 mill. kr.

Nye Voss Gymnas

Det er sendt ut konkurransegrunnlag for pris- og designkonkurranse til 6 entreprenørar. Forslag til løysing med tilhøyrande pris kjem inn i månadsskiftet september/oktober, og i løpet av oktober vil ein velje ein entreprenør for vidare samspel fram til endeleg kontrakt. Ein vil og få kostnader knytt til utarbeiding av løysingsforslag og oppstart av samspelsprosessen. I 2014 er det budsjettet med 10 mill. kr til dette prosjektet. Så langt ser det ut til at forbruket for inneverande år vert omlag i samsvar med budsjett.

Nye Åsane videregående skole

Det er sett av 5 mill. kr til prosjektet i 2014. Planfasen knytt til nye Åsane vgs. har av fleire grunnar teke lengre tid enn tidlegare lagt til grunn. Fylkesrådmannen vil kome attende til revidert prognose for framdrift og kostnadar i prosjektet i samband med budsjett/økonomiplan for 2015-2018.

Bergens Handelsgymnas - rehabilitering.

Prosjektet er starta opp og ein legg til grunn at forbruket for inneverande år vil halde seg innanfor budsjettet på 5 mill. kr.

Bergen katedralskole - tilbygg

Det er gjennomført kartlegging av grunnforhold og planlegging av tilbygg er starta opp. Ein ser at det kan være gunstig å ha tømt skulen for elevar før ein gjennomfører større bygningsmessige tiltak. Naturlig avlastningsskule vil være Tanks vgs, som for inneverande skuleår vert nytta som mellombels lokale for vaksenopplæringa. Vidare planlegging er derfor stilt litt i bero. Det er så langt i år nytta om lag 1 mill. kr av løyvinga, og fylkesrådmannen tilrår at budsjettet for 2014 vert redusert ned til 1 mill. kr. Det er naturleg å kome attende til vidare framdrift på prosjektet ved rullering av budsjett/økonomiplan. I opphavleg budsjett var det sett av 20 mill. kr, men den seinka framdrifta gjer at det no berre vil vera trong for 1 mill. kr i 2014. I samband med rapporten etter 1. tertial vart budsjettet redusert frå 20 til 5 mill. kr. Fylkesrådmannen foreslår no ytterlegare reduksjon med 4 mill. kr til 1 mill. kr.

Bergen Tekniske fagskole

Prosjektet er i planfasen og fylkesrådmannen foreslår å redusera løyvinga i 2014 med ytterlegare 5 mill. kr. slik at samla løyving i år vert på 5 mill. kr. I rapporten etter 1. tertial vart budsjettet for dette tiltaket redusert med 15 mill. kr frå 25 til 10 mill. kr – fylkesrådmannen foreslår altså no ytterlegare reduksjon med 5 mill. kr slik at det står att 5 mill. kr til planavklaring. Planarbeidet så langt viser at ei ombygging/rehabilitering av bygget vert dyrare enn ein tidlegare har lagt til grunn. Fylkesrådmannen tilrår at ein i det vidare arbeidet med budsjett/økonomiplan og rullering av skulebruksplan vurderer om prosjektet skal vidareførast i noverande form eller om ein bør sjå etter alternative løysingar.

Hjeltnes vgs. – drivhus/planteskule

Prosjektet er i planfasen og endeleg omfang/utforming av prosjektet er ikkje klart. Ein legg til grunn at naudsynte rivingsarbeid og noko grunnarbeid kan gjennomførast i inneverande år. Resterande grunnarbeid og oppføring av nybygget må skje ut på nyåret. Fylkesrådmannen tilrår at budsjett for 2014 vert redusert med 15 mill. kr, slik at det står att 5 mill. kr, men at ein tek sikte på å løyve denne summen på nytt i budsjettet for 2015.

Tannhelse

Det er så langt i år investert for knapt 3 mill. kr. Dette er i hovudsak kostnader knytt til prosjekta ved tannklinikane på Årstad og Sørås i Bergen. Prosessane for å få på plass leigeavtale for ny klinikk for Tannlegevakta og for ny klinikk på Askøy har teke lengre tid enn venta. Sjølv om ein reknar med at investeringar i ny tannlegevakt vil starte opp i inneverande år, vil ein få eit mindreforbruk i 2014, medan behovet for 2015 vil auke.

Den nye tannklinikken i Solheimsviken vil bli ei sams lokalisering av noverande Engen tannklinikk og tannlegevakt i Bergen, og ha 8 behandlingsrom. Det skal og byggast ny sentralklinikk på Askøy. Byggestart vil truleg skje vinter 2014/2015. Midlar sett av på investeringsbudsjettet til desse to byggeprosjekta vil berre i liten grad bli brukt i 2014.

Ny "Klinikkstrukturplan for tannhelse i Hordaland" er under utarbeiding, og vil bli politisk behandla i løpet av hausten. Det er naturleg å vente med andre større tannklinikprosjekt – utover dei to nemnde ovanfor – til klinikkstrukturplanen er vedteken. Fylkesrådmannen tilrår at løyvinga for 2014 vert redusert frå 25 til 5 mill. kr.

Sal av eigedomar

Av større sal har fylkeskommunen så langt i år fullført salet av Valen og Handeland gard, Bustadblokk Voss, Brynaskogen 25 og 27 og Rogne vgs. på Voss. Vidare er sala av Voss Husflidskule i ein slutfase, med planlagt overtaking av kjøpar i midten av desember. Samla reknar ein med netto inntekt for året på omlag 100 mill. kr. I samband med tertialrapporten for 1. tertial vart budsjettposten for inntekter frå eigedomssal

auka med 50 mill. kr. Fylkesrådmannen tilrår no ytterlegare auke på 45 mill. kr, slik at samla budsjettert nettoinntekt i 2014 vert 100 mill. kr for sal av eigedomar.

Samferdsel

Billetteringssystemet

Budsjettet er på 8 mill. kr i 2014. Av dette vil 4 mill. kr gå med til sluttoppgjer med Atron – leverandøren av billetteringssystemet.

Ein del av den budsjetterte summen til billetteringssystemet i 2013 vert fyrst utbetalt i 2014. Det er av den grunn trong for ei budsjetteknisk justering på 3,3 mill. kr og fylkesrådmannen foreslår å auka budsjettet med denne summen.

Ruteinformasjonssystem

Budsjettet er på 25 mill. kr i 2014 og blir brukt til sanntidsinformasjonssystemet og digital informasjon. Prosjektet er under avslutning og det er ikkje avvik å melda.

Automatisk passasjerteljing

Budsjettet er på 5 mill. kr og prognosen er at ein vil halde seg innanfor vedteke budsjett.

Trafikantinformasjonssystem

Budsjettet er på 6,5 mill. kr. Prosjektet er i startfasen og det er ikkje venta avvik.

Biogasshybridbussar.

Budsjettet i 2014 er på 10 mill. kr og prosjektet er i full gang. Bussane vert leverte i løpet av hausten, og det er ikkje meldt om avvik på hovudprosjektet.

Bybanevogner – nye vogner og forlenging.

Opphavleg budsjett er på 74 mill. kr og det er ikkje meldt om avvik frå betalingsplanen i 2014 ein har med Stadler – leverandøren av bybanevognene. Det som likevel kjem som tillegg i år er etterslep frå tidlegare år, dvs. at betalingane har kome seinare enn løyvingane. For 2014 utgjer dette 23 mill. kr og fylkesrådmannen foreslår å auka budsjettet tilsvarende.

Bybanen

Byggjetrinn 2: Budsjettet er på 25 mill. kr i 2014. Prognosen er at ein held seg innanfor, eller litt under tildelt ramme i 2014. Det er truleg behov for å sette av litt midlar i 2015 til sluttoppgjer og mindre tilleggsarbeid, men det kjem fylkesrådmannen attende til når budsjett for 2015 vert lagt fram.

Byggjetrinn 3: Totalprognosen for byggjetrinn 3 er som tidlegare på 3.603 (2013-kr), men som varsla i 1. tertialrapport vil det gå med mindre midlar i 2014 enn det som er sett opp i vedtatt budsjett. Fylkesrådmannen tilrår å sette ned budsjettet med 255 mill. kr i 2014 slik at det står att 1 250 mill. kr i 2014. Summen som vert redusert i 2014 vert fordelt ut på åra seinare i økonomiplanperioden, noko fylkesrådmannen kjem attende til i budsjettet.

Fylkesveggar

Fylkesrådmannen har ved fleire høve omtala omlegginga av budsjetteringsmåten for investeringar. Omlegginga medfører at investeringsbudsjettet er eittårig med målsetjing at dei budsjetterte midlane skal nyttast det året løyvinga er budsjettert. I rapporten etter 1. tertial i 2014 nemnde fylkesrådmannen at ein i stor grad er komen i god gjenge med den nye budsjetteringspraksisen, og at fullmaktene fylkestinget har godkjent på vegsektoren har gjort gjennomføringa av ordninga med eittårige budsjett smidigare og mindre rigid.

Nedanfor er det gjennomgang av dei ulike strekningsvise prosjekta i og utanfor Bergensprogrammet med kort omtale av programområda.

Bergensprogrammet – store prosjekt

Ringveg Vest, 2 byggetrinn

Det er eit mindreforbruk på i underkant av 75 mill. kr. på prosjektet i 2014. Framdrifta for prosjektet er etter planen. Ei av årsakene til nedgangen i prognosen, er lågare utfakturering av kontraktsarbeid enn tidlegare rekna med (25 mill.kr). Prosjektet er venta opna for trafikk hausten 2015. Fylkesrådmannen tilrår å redusere budsjettet med 75 mill. kr. i 2014. Ny budsjettsum vert då 300 mill. kr.

Åsane senter – toplankrysset Nyborg

Prosjektet er i hovudsak finansiert med eksterne midlar, då prosjektet er eit rekkefølgjekrav til private nærings utbyggjare i Åsane. Statens Vegvesen er byggherre på vegne av Hordaland fylkeskommune. Tidspunkt for oppstart har vore seinare enn planlagt grunna manglande grunnverv. Prosjektet er venta ferdig sommaren 2015, men deler av parsellen vert opna i oktober i samband med opning av varehuset til Coop.

Programområda i Bergensprogrammet

Samla innanfor programområda i Bergensprogrammet er prognosen eit mindreforbruk på 20 mill. kr. Samla budsjett i 2014 for programområda er 312,9 mill. kr. Mindreforbruket er størst innanfor områda Miljøtiltak og Kollektivtiltak og skuldast i hovudsak at tiltak kjem noko seinare i gang enn det som var planlagt.

Fylkesrådmannen vil i eiga administrativ sak – i samsvar med fullmakt – gjera omdisponeringar innanfor programområda slik at mest mogeleg av løyvinga innanfor dei ulike programområda vert nytta. Fylkesrådmannen vil i ei seinare sak vurdere fullmaksstrukturen på vegsektoren. I saka vil fylkesrådmannen gjennomgå røynslene frå samarbeidet med Statens vegvesen etter reforma i 2010 der fylkeskommunen overtok ein stor del av det tidlegare riksvegnettet i fylket.

Strekningsvise prosjekt utanom Bergen

Fv567 Hauge – Lonevåg (Osterøy)

Det er venta eit mindreforbruk på prosjektet i 2014 med om lag 0,8 mill. kr. Prosjektet har ei løyving på 3,4 mill. kr. Det står att noko restarbeid.

Fylkesrådmannen tilrår å redusera budsjettet med 0,8 mill. kr.

Fv107 Jondalstunnelen (Jondal og Kvinnherad)

Prosjektet har løyving på 5 mill.kr i 2014. Det vert gjort noko elektroarbeid som er rekna til om lag 3 mill.kr i år. I tillegg gjer ein nokon mindre naudsynte utbetringar i tunnelen på vel 1,5 mill. kr.

Fv7/fv49 Kvammapakken (Kvam og Granvin)

Det er ikkje venta avvik for prosjekta i Kvammapakken i 2014. Totalt har prosjektet løyving på 65 mill. kr i 2014. Strekninga Skipadalen – Norheimsund har kome seinare i gang som følgje av at grunnvervet tek lengre tid enn planlagt. Det er mange grunneigarar på strekninga. Anleggsarbeid har starta på Lingaparsellen. Dersom grunnverv vert klart for siste del av Lingaparsellen kan denne startast opp i år. Strekninga Vikøy – Norheimsund er ferdigstilt. Sluttoppgjeret er enno ikkje avklart med entreprenøren.

Fv541/fv542 Bømlopakken (Bømlo)

Det er venta eit meirforbruk på 22 mill. kr. Løyvinga til Bømlopakken vart redusert i samband med rapporteringa etter 1 tertial. Det har i ettertid vist seg at denne endringa ikkje var reell, og fylkesrådmannen foreslår difor å retta opp dette ved å auka løyvinga til prosjektet med 22 mill. kr.

Nærare omtale av dei einskilde prosjekta i Bømlopakken:

Fv542 Hollundsdaalen-Stokkabekken: Prosjektet er ferdig og det står att nokre restkostnader.

Fv541 Rubbestadneset-Miljøgate: I 2013 vart arbeid i Bedehusvegen starta opp seinare enn planlagd.

Prosjektet er avslutta og det står att restkostnad, grunnnerv og grønt.

Fv542 Stokkabekken-Siggjarvåg: Dette prosjektet, pluss prosjekt "Toplanskryss Stokkabekken" er slått saman i ein totalentreprise. Prosjektet er utlyst og det er venta byggestart før årsskiftet.

Fv541 Stokkabekken-Rubbestadneset: Slutfaktura er motteke. Restkostnader er knytt til grunnnerv, støy og lys.

Fv14 Stavland-Bjødledalen: Prosjektet hadde offisiell opning i des-13. Det står att noko sluttarbeid.

Fv542 Røyksund-Eikeland: Prosjektet går som planlagt, det meste er ferdig. Arbeid som står att er blant anna lys, autovern, asfalt leskur osv.

Fv541 Tjong-Løvegapet: Reguleringsplan er under arbeid. Det vert gjennomført arkeologisk utgraving.

Fv541 Hestaneset-Tjong: Anbudet er lyst ut med innleveringsfrist i september 2014. Forventa byggestart er før årsskiftet. Prosjektet er ca. 2 månader forsinka grunna omprosjektering (reduert vegbredde) og kvalitetskontroll.

Fv18 Klubbo-Bømlo: Kontrakt er signert og prosjektet er starta opp. Framdrifta er som planlagt.

Fv48 Tyssetunellen (Samnanger)

Det er venta eit meirforbruk på 45 mill. kr i 2014. Det er uvisst enno kor mykje entreprenørene fakturerer i år, både i grunnentreprisen og på entreprisen Frøland bru. Frøland bru blir ferdig før jul. Det har vore høgare produksjon i 2014 enn planlagd. I rapporten etter 1. tertial var totalkostnaden sett til om lag 610 mill. kr. Regionvegsjefen anslår no at totalkostnaden vert på nærare 638 mill. kr i løpande kr. Det er knytt uvisse til dette talet ettersom krav frå entreprenøren er noko høgare. Ein er i prosess med entreprenøren for å avklara krava. Fylkesrådmannen nemnde i sist tertialrapport at ein rekna med at dette var avklara over sommaren, men regionvegsjefen melder no at ein enno ikkje har ferdigstilt avklaringane med entreprenøren.

Auke i totalkostnader i prosjektet skuldast i hovudsak tilleggskostnader knytt til innkjøp av kvalitetsstein tilført utanfrå anlegget. Dette gjeld både på aust og vestsida av anlegget. Det er mykje meir lausmasser enn føresett, og det har i tillegg vore behov for masseutskifting på eksisterande fylkesveg langs Tysseelva i mykje større omgang enn føresett. Dette er tilleggsarbeid entreprenøren vil ha kompensert og som ein, som nemnt, er i prosess for å avklara. Ein reknar med opning av prosjektet i juni/juli 2015.

Fylkesrådmannen foreslår å auka løyvinga til Tyssetunellen med 29,8 mill. kr. Dette er noko lågare enn prognosen for meirforbruket, men regionvegsjefen er som nemnt usikker på kor mykje entreprenøren fakturerer i 2014 og kor mykje som kjem i 2015. Fylkesrådmannen viser elles til gjennomgangen i tertialrapporten til fylkestinget i juni med oppstilling over dei årlege kostnadene fram til 2014 for dette prosjektet.

Fv209 Storskaret – Arefjordpollen (Fjell)

Det er ikkje venta avvik for prosjektet i 2014 etter budsjettjusteringa tidlegare i år. I 2014 vil ein bruke 7,6 mill. kr til prosjektering og grunnnerv. Sidan Sotrasambandet skal byggast om få år, prosjekterer regionvegsjefen no ei mellombels kryssløysing. Prosjekteringa er snart ferdigstilt og det er venta utlysing i oktober/november 2014 med oppstart av anlegget i februar/mars 2015. Kommunen vurderer å krevje ein mindre vesentleg omregulering av den forenkla kryssløysinga. Ei omregulering kan forseinke utlysningstidspunktet noko.

Grindavollen – Lepsøy (Os)

Det er ikkje venta avvik for prosjektet etter budsjettjusteringa tidlegare i år. Ein ventar å ferdigstille prosjektering og kostnadsoverslag i haust. Strekinga er delt inn i tre moglege byggetrinn. Nyleg vedteken reguleringsplan frå Grindavoll mot Blindasundet vert prosjektert i to deler. For resterande strekning på Lepsøy vert det planlagt punktvis utbetringar. Regionvegsjefen reknar med utlysing rett over nytt år.

Fv310 Bordalsvegen (Voss)

Det er ikkje venta avvik for prosjektet. Arbeidet er i full gang og det er venta fullføring oktober/november. Løyvinga vert utbetalt som tilskot til Voss kommune som er byggherre.

Fv122 Venjaneset – Strandvik (Fusa)

Prosjektet har god framdrift og betre enn føresettt ved 1. tertialrapportering. Regionvegsejefen er usikker på om den betra framdrifta vil medføra auka budsjettbehov i 2014. Ein del av kostnadsføringa vil først skje i 2015.

Hauglandspakken Fv6 Sveio – Buavåg (Sveio)

Det er venta ytterlegare mindreforbruk på 2 mill. kr på prosjektet. Det er kome inn anke på reguleringsplanen som gjer at framdrifta ikkje er som planlagd. Byggeplan er utarbeidd, men grunna den nemnde anka er ikkje grunnervvsprosessen komen i gang. Ein reknar med å koma i gang med prosjektet ved årsskiftet. Opphavleg var budsjettet 15,5 mill. kr for dette prosjektet i 2014. Isamband med rapporten etter 1. tertial vart budsjettet redusert med 9,6 mill. kr til 5,9 mill. kr.

Fylkesrådmannen foreslår å redusera budsjettet med ytterlegare 2 mill. kr til 3,9 mill. kr.

Fv567 Hosanger sentrum (Osterøy)

Det er venta eit mindreforbruk på 4,5 mill. kr i 2014. Prosjektet er forseinka grunna kompliserte geotekniske undersøkingar i prosjekteringsarbeidet. Etter anbudsutlysning er venta totalkostnader 46 mill. kr for prosjektet. Forventa oppstart er i oktober.

Budsjettet for prosjektet vart redusert med 19,5 mill. kr i 1. tertial – frå 30 til 10,5 mill. kr og fylkesrådmannen foreslår no å redusera budsjettet med ytteleigare med 4,5 mill. kr i samsvar med prognosen til 6 mill. kr som ny budsjettsum.

Fv57 Konglevoll (Lindås)

Det er ikkje venta avvik for prosjektet. Prosjektet var ferdig i juni 2014 og det står att sluttoppgjær.

Fv49 Uggdal – Uggdalseidet (Tysnes)

Det er venta eit mindreforbruk på 8 mill. kr. Prosjektet har seinare framdrift enn planlagt, som følgje av naudsynte planjusteringar. Kontrakt med entreprenør er inngått, men oppstart skjer seinare enn forventa. Dette prosjektet vert gjennomført i same kontrakt som prosjektet på Fv49 Holmalia – som er budsjettert under programområdet Mindre utbetringar. Entreprenøren har valt å starte med prosjektet på Fv49 Holmalia og kjem difor seinare i gang med prosjektet ved Uggdal. Det er lagt til grunn at det vil gå med 15 mill. kr i 2014.

Fylkesrådmannen foreslår å redusera budsjettet med 8 mill. kr i samsvar med prognosen. Ny budsjettsum vert 12 mill. kr etter at den opphavlege løyvinga på 24 mill. kr vart redusert i 1. tertial med 4 mill. kr til 20 mill. kr.

Fv 545 Stord vestsida (Fitjar og Stord)

Prosjektering og grunnervv av Sagvåg bru har teke lengre tid enn føresettt. Regionvegsejefen ventar utlysning av bru-prosjektet med det første, men ein del kostnadar kjem først i 2015. På strekninga Rimbareid-Vik vert det gjennomført planarbeid i 2014. Det er føreteke nye kostnadsoverslag for prosjekta. Det er ikkje mogleg å gjennomføre meir enn Sagvåg bru og delar av Rimbareid-Vik innafør vedteken ramme. Det er søkt om utviding av innkrevjingstida med to år. Søknaden er under handsaming på sentralt hald.

Askøypakken (Askøy)

Det er ikkje venta avvik for prosjekta i Askøypakken i 2014, etter at budsjettjustering i juni månad med reduksjon i løyvinga på 22,5 mill.kr. Bakarvågen-prosjektet er ferdigstilt. Bomstasjonane vert sette opp og kjem i drift frå 1. november. Prosjektering av Slettebrekka og Strømsnes – Hop er starta opp. Prognosen er usikker i forhold til kor mykje grunnervv som vert gjort i år.

Fv315 Undergang Ringheimsvegen (Voss)

Prosjektet vert ikkje gjennomført i 2014, så det vil berre gå med 0,5 mill. kr av løyvinga på 17 mill. kr. Fylkesrådmannen foreslår å redusera budsjettet tilsvarende – med 16,5 mill. kr. Prosjektet har vore utlyst og det kom inn eit tilbod. Dette tilbodet var høgare enn byggherreoverslaget. Prosjektet vil truleg ikkje verte utført før i togfri helg våren 2015. Fylkesrådmannen vil koma attende til dette prosjektet i budsjettet for 2015.

Rundkjøring Florvåg (Askøy)

Det er venta eit mindreforbruk på 3,5 mill. kr i 2014. Det vart løyvt 21,5 mill. kr til prosjektet på fylkestinget i mars. Det er venta at prosjektet vert ferdig ved årsskiftet, men at sluttkostnadene kjem først i 2015.

Fylkesrådmannen foreslår å redusera budsjettet med 3,5 mill. kr – i samsvar med prognosen.

Programområde utanom Bergen

Til Programområde utanom Bergen er det i 2014 til disposisjon 91,6 mill. kr. I tillegg kjem midlar til Standardhevingstiltak på 76,3 mill. kr.

Etter 2. tertial ser det ut til å verta eit mindreforbruk for desse postane på til saman nær 31 mill. kr – om lag jamt fordelt mellom Standardhevingstiltak og tiltaka i programområda.

Regionvegsjefen foreslår at 11,3 mill. kr vert omdisponert frå Gang- og sykkelvegtiltak (5,2 mill. kr) og Mindre utbetringar (6,1 mill. kr) til Trafikksikringstiltak der summen innanfor Trafikksikringsområdet er planlagt nytta til rekkverksarbeid.

Omdisponeringa mellom programområda gjeld prosjekta Grindavoll-Ulven leir(Os), prosjekt ved Sandnes skule(Masfjorden), Trafikksikring-Bruvik sentrum (Osterøy), opprusting av Jondal ferjekai(Jondal) og Videoovervaking Askøybrua(Askøy og Bergen). Det siste tiltaket vart 2,4 mill. kr rimelegare enn rekna med, medan dei andre tiltaka gjeld mindreforbruk i inneverande år.

Fylkesrådmannen foreslår omdisponering mellom desse programområda i samsvar med tilrådinga frå regionvegsjefen.

Fylkesrådmannen vil, som nemnt, i eigne administrative saker i tillegg gjera omdisponeringar innanfor programområda og standardhevingstiltaka i samsvar med fullmakt. Siktemålet er å få nytta mest mogeleg av den budsjetterte løyvinga til kvart programområde.

Rassikring

Samla sett er det for rassikringstiltak venta eit mindreforbruk på om lag 35,8 mill.kr. Det forventa mindreforbruket fordeler seg slik:

Fv344 Oddaneset (Vaksdal)

Det er utarbeidd eit notat av geolog over skredsikringsalternativ som er vurdert etter Statens vegvesen sine nye retningslinjer for risikoakseptkriterier for skred på veg (NA rundskriv 2014/08). Kostnaden for prosjektet er for høg for den aktuelle løysinga, og dermed er det ikkje forsvarleg å sette i verk tiltaket etter denne løysinga. Det vert arbeid med å finne andre alternativ som let seg gjennomføre.

Fv572 Eddagjelet/Torgilsberget (Ulvik)

Det er sett opp meir rasgjerdje enn planlagd. Det må setjast opp eit ekstra radiobygg for det nye naudnettet. Dette må gjennomførast for å kunne leggje inn nytt naudnett. Innlegging av naudnett kjem til utføring i 2015 og fylkesrådmannen kjem attende til dette i 2015-budsjettet.

Fv7 Lussandberget (Granvin)

Det er venta eit mindreforbruk på 35 mill. kr for prosjektet i 2014. Prosjektet er lyst ut og det kom inn to tilbod. Det billigaste tilbodet er høgare enn det som ligg i budsjettet. Finansieringa er behandla i fylkestinget i juni 2014. Hordaland fylkeskommune har gitt klarsignal til å starte opp. Etter klage på tildelinga av anbudet har Statens Vegvesen avvist begge anboda av formelle grunnar. Konkurransen er avlyst og ny utlysing er sett i gang. Anleggstart kan ikkje ventast før mot slutten av året.

Fylkesrådmannen foreslår at budsjettet vert redusert med 35 mill. kr – frå 37,2 mill. kt til 2,2 mill. kr – i samsvar med prognosen.

Fv7 Haukanesberget (Granvin)

Dette prosjektet starta opp hausten 2013 og det er ikkje rekna med endringar i høve til budsjettet i år.

Fv7 Tokagjelet (Kvam)

Det er løyvt 15 mill. kr til prosjektet. Sikringsarbeida i samband med oppsetting av portalen for Snauhaugtunnelen var meir omfattande enn prosjektert og regionvegsjefen reknar med at det kan verta ei mindre overskriding for prosjektet.

Oppsummering og sluttmerknader fylkesvegar

Budsjettendringane fylkesrådmannen foreslår innanfor fylkesvegar kan oppsummerast slik:

	Heile tusen
Ringveg vest. Byggjesteg 2	-75 000
Fv 567 Hauge – Lonevåg	-800
Fv 541 / 542 Bømlopakken	22 000
Fv 48 Tunnel bak Tysse	29 800
Fv 6 Haugalandspakken - Sveio – Buavåg	-2 000
Fv 567 Hosanger sentrum	-4 500
Fv 49 Uggdal – Uggdalseid	-8 000
Undergang Ringheimsvegen Voss	-16 500
Rundkøyning Askøy – fin. Tilskot frå ekstern	-3 500
Fv 7 Lussandberget, Granvin	-35 000
Sum endringar	-93 500

Fylkesrådmannen nemnde innleiingsvis under fylkesveginvesteringane at budsjetteringsmåten med eittårige investeringsbudsjett etter kvart har gått seg til. Med så mange prosjekt som er i gang på fylkesvegane i Hordaland, er det likevel ikkje til å unngå at ein vil ha større og mindre avvik mellom det som er budsjettert og framdrifta for nokre prosjekt.

Fylkesrådmannen vil ha nær kontakt med regionvegsjefen om utviklinga resten av året og vil eventuelt koma attende til budsjettjusteringar ved slutten av året.

Drift**Politiske organ og administrasjon**

Pr. 31. august hadde ein brukt 65,1% av årsbudsjettet. Dette er innanfor det som vert rekna som normalt. For ein del tilskotsordningar og kontingentar blir størstedelen av årssummen betalt ut tidleg på året.

Administrasjon

Det er høgt aktivitetsnivå knytt til opplæring og utvikling av leiarar, og generell organisasjonsutvikling. Fleire av desse aktivitetane er ei direkte oppfølging av tiltak knytt til forvaltningsrevisjonen av personalområdet.

Status for viktige tiltak og arbeidsoppgåver:

- Arbeidet med å revidere lønspolitikken er ferdigstilt.
- Fylkeskommunen er godt i gang med å implementere nytt sak- og arkivsystem, men det er ein del manglar ved systemet som skal følgjast opp.
- Nytt opplegg for leiaropplæring er i gang. Hausten 2014 er andre kull av leiarar som byrja i HFK etter 1.1.2012 godt i gang med modul 1 «Grunnpakke» i HFK-leiarskolen. Eit nytt kull vil starte opp våren 2015, og det er planlagt eit kurs kvart halvår frametter.
- HFK har inngått ein rammeavtale med AFF AS om levering av eit leiarutviklingsprogram for dei meir erfarne leiarane i HFK. Første kull vil starte opp i november 2014.
- Revidert beredskapsplan vil bli lagt fram for fylkesutvalet og fylkestinget i november/desember.
- Fylkesrådmannen har iverksatt prosjektet «Førebudd på framtida». Formålet med prosjektet er å kartlegge og vurdere funksjonar, struktur, kompetanse og kapasitet i organisasjonen opp mot dei oppgåvene Hordaland fylkeskommune skal utføre, for å sikre at desse vert gjennomført på ein mest mogleg effektiv måte. Prosjektet vil bli gjennomført i 2014 og 2015. Rapport for fase 1 vart levert ultimo august. Målet er at aktuelle tiltak skal implementerast i budsjettet frå 2015.

Fellesfunksjonar / lønsavsetjing

Lønsoppgjeret for 2014 enda opp med prosenttillegg svært nær det som ligg inne i budsjettet. Ein kjenner heller ikkje til nemnande avvik når det gjeld pensjonskostnad.

Streiken i opplæringssektoren medførte at verknadsdatoen for lønstilllegg for undervisningspersonell vart endra frå 1. mai til 1. september. Dette gjev ei innsparing for fylkeskommunen. Eit grovt overslag tilseier at innsparinga vil bli omlag 12 mill. kr.

Opplæring

Status for dei vidaregåande skulane

Søkjartala og tal på elevar som vart teke inn på vidaregåande skule i haust syner at det truleg er ei liten nedgang i elevtalet i haust i høve til i fjor. Elevteljinga vert gjennomført i veke 38 og nye berekningar vil vere klar i veke 39. Før desse er klar, er det ikkje mogeleg å gje ei betre prognose enn å halda fast på prognosen frå 1. tertial om eit underskot for dei vidaregåande skulane samla på 5-10 mill. kr.

Lærarstreiken i august vil gje reduksjon i lønsutgiftene på om lag 15 mill. kr. Skulane som vart råka av streiken har fått lovnad om at dei skal få midlar til å gje naudsynt erstatningsundervisning til elevane. Kostnadene for desse tilboda er ikkje kjent enno. Fylkesrådmannen vil koma attende til justering av skulebudsjetta som følgje av sparde lønsutgifter i samband med streiken.

For resten av opplæringsbudsjettet ser det ut til å gå mot balanse. Budsjettet for lærlingtilskotet viser balanse eller eit lite mindreforbruk. Det same gjeld drifta av opplæringsavdelinga.

Skulefonda og nye retningslinjer

Fylkesutvalet har godkjent nye reglar for fondsavsetjing for dei vidaregåande skulane. Dette medfører ei endring i økonomiforvaltninga i skulesektoren. Reglane som vert innført ved årsoppgjeret for 2014 tilseier at skulane ikkje kan ha større fondsavsetjing enn 5 % av skulen sitt netto driftsbudsjett. Ein unntaksregel kan brukast for skular som grunna små driftsbudsjett kjem dårleg ut ved bruk av denne hovudregelen. Unntaksregelen seier at ein skule kan ha 0,75 ‰ av totalt årsbudsjett for alle skulane – i 2013 tilsa dette 1,7 mill. kr. Dei nye reglane kan få innverknad på skulane sine resultat og dermed på korleis opplæringssektoren kjem ut samla.

Spesialundervisning

Frå og med budsjettåret 2014 er midlar til spesialundervisning lagt ut i dei opphavlege skulebudsjetta. Dersom det vert endringar mellom skulane når det gjeld trong for ressursar på dette området, vert det ei omfordeling av ressursar mellom skulane etter elevteljinga. Omlegginga i budsjetteringa av dette området har resultert i færre søknadar om ressursar frå skulane.

Fagskular

Det er god budsjettkontroll på midlane som vert tildelt dei ulike fagskulane. Det er venta at skulane med fagskuletilbod også i 2014 vil halde seg innanfor budsjetttramma, og ha få negative budsjettavvik. I tillegg til fylkeskommunale budsjettmidlar har ein på dette området disponibelt ein del statsmidlar; både forventa tildelingar i 2014 og ubrukte midlar overført frå 2013.

Oppsummering

For opplæringssektoren har ikkje fylkesrådmannen ved utgangen av 2. tertial haldepunkt for å gjere endringar i prognosen i høve til det som vart rapportert pr. april 2014. Det er framleis grunn til å vente eit meirforbruk på om lag 5 mill. kr.

Tannhelsetenesta

Etter 1. tertial var rekneskapsprognosen for 2014 eit lite overforbruk på 1,7 mill. kr. Situasjonen ser betre ut etter 2. tertial. Prognosen er eit netto mindreforbruk i forhold til årsbudsjett på omlag 3 mill. kr.

Mindreforbruket skuldast god inntening og god kostnadskontroll. Totale inntekter er i fleire tannhelsedistrikta betre enn budsjettet.

Tannhelsetenesta kompetansesenter TkVest-Hordaland har i 2014 gått frå prosjekt til driftsfase. Frå og med 1. august 2014 er det tilsett tannlegespesialistar i alle dei 7 godkjende spesialitetane. Det er totalt over 40 tilsette på TkVest-Hordaland.

Delar av utgiftene knytta til TkVest-Hordaland skal dekkast av Helse- og omsorgsdepartementet (HOD). Helsedirektoratet har i løpet av sommaren sendt tildelingsbrev tilsvarande dei budsjettmidla det blei søkt om:

- Til drift av TkVest-Hordaland inkl midlar til forskning: 9,088 mill. kr
- Til drift av senter for odontofobi: 4,756 mill
- Lønsmidlar til to tannlegar som er starta på ei 3-årig spesialistutdanning i barnetannpleie: 0,7 mill

Tannhelsetenesta er også tildelt 2,3 mill. kr til å yta eit tannhelsetilbod i Bergen fengsel.

Driftstal 2. tertial 2014.

Det totale talet på prioriterte pasientar for tannhelsetenesta er i 2014 på 132 500. Dette er ein auke 3000 frå 2013 til 2014 som skuldast folkeauken i fylket. Per 2. tertial hadde tannhelsetenesta totalt behandla 2000 fleire pasientar i 2014 enn i 2013. Talet på ferdigbehandla pasientar varierer noko frå distrikt til distrikt, men alle tannhelsedistrikta har behandla fleire pasientar i 2014 enn på same tidsrom i 2013. Fylkestannlegen si vurdering er at pasientbehandlinga er godt i samsvar med årsplanen. Variasjonane mellom dei ulike tannhelsedistrikta har organisasjons- og bemanningmessige årsaker.

Regional utvikling

For dette budsjettområdet er status den same som etter 1. tertial og så langt fylkesrådmannen kan sjå i dag vil Regionalavdelinga halde seg innanfor budsjetttramma for 2014.

Samla sett har Regionalavdelinga eit mindreforbruk i forhold til budsjett hittil i år. Hovudårsaka til dette er at utbetaling av tilskot skjer etter at dokumentasjon frå mottakarar er kome inn, til dels seinare på året og til dels seinare år.

Fylkeskommunal næringsverksemd/konsesjonskraftinntekter

Det er budsjettert med ei netto inntekt frå sal av konsesjonskraft på 72 mill. kr i 2014. Prognosen er at ein vil ende opp nokså nær denne summen. Om lag 85% av restvolumet i 2014 er sikra gjennom finansielle priskontraktar. Det er såleis ikkje venta nemnande avvik jamvel om prisen på straum skulle falle resten av året.

Samferdsel

Transportordninga for funksjonshemma.

Forbruket ligg så langt innafor budsjettet. Per 2. tertial 2014 er forbruket noko mindre enn tilsvarane periode i 2013. Det skal tilseia at budsjettet vil gå i balanse.

Til rådvelde for samferdselsutvalet.

Det er eit budsjett på 2,0 mill. kr. Så langt er det ikkje nytta av budsjettmidlane.

Skuleskyss grunnskule

Budsjettet er på 41,06 mill. kr. Det er så langt nytta 28,1 mill. kr. I 2013 var forbruket 45,4 mill. kr. Det er lite som tilseier at forbruket vert mindre i 2014 enn i 2015. Alt tyder difor på at det vert eit overforbruk på denne posten også i 2014. Særskyssen i Bergen og kringliggjande kommunar er frå skulestart inne i nye anbod. Anboda har hatt kostnadsvekst, men samansetninga av elevmassen betyr truleg meir for den totale kostnaden enn anbodsprisane. Utan å ta omsyn til prisveksten kan det sjå ut til at ein får eit meirforbruk i forhold til budsjettet på omlag 6 mill. kr i 2014.

Vidaregåande skuleskyss.

Det er budsjettert med 71,5 mill. kr på denne posten. Det er så langt forbrukt 43 mill. kr. Dette ligg innanfor budsjettet, men det er for tidleg å seia noko om kva ein endar opp med når året er ute. Også vidaregåande skuleskyss vil bli påverka av nye anbodsprisar, men i mindre grad enn grunnskuleskyssen.

All den tid skuleskyssen er lovpålagt er det vanskeleg å koma opp med tiltak som verkar på kort sikt. Det vert kontinuerleg arbeid med samordning av elevar, og dette arbeidet held fram i budsjettåret.

For postane over kan det sjå ut til at ein vil koma ut i tilnærma budsjettbalanse. Det er eit overforbruk på grunnskuleskyss, men på fleire av dei andre postane kan det bli noko innsparing dersom utviklinga held fram som no ut året.

Skyss

Administrasjon: Budsjett per august er på 27,5 mill. kr og forbruk er 29,7 mill. kr. Bakgrunnen for at forbruket er større enn budsjettet gjeld innleie av konsulentar i samband organisering av skuleskyss. Det er forventa at vi greier å hente inn dette og ein ser ikkje føre avvik utover i driftsåret.

Generell drift: Budsjett per august er på 58,0 mill. kr. Forbruk så langt i året er på 52,1 mill. kr. Underforbruk på 5,9 mill. kr skuldast sparte transaksjonskostnader knytt til utsett oppstart av WebTick.

Ferjedrift: Budsjett ved utgangen av 2. tertial er på 204,7 mill. kr og forbruket så langt er på 200,0 mill. kr. Mindreforbruket i høve til budsjettet er dermed 4,7 mill. kr. Grunnen til dette er ei betre kostnadsutvikling enn føreset i opphavleg budsjett. Så langt ser det ut til å vera god kontroll på ferjebudsjettet.

Bilruter: Budsjett på 851,6 mill. kr og forbruk på 857,1 mill. kr ved utgangen av 2. tertial og dermed overforbruk på 5,5 mill. kr samanlikna med budsjettet.

Fylkesrådmannen legg til grunn at budsjettet vil vera tilstrekkeleg for å dekkja drifta resten av året. I den interne periodiseringa av budsjettet er det lagt opp til ei viss auke i forbruket i andre halvår.

Båtruter: Budsjett på 115,6 mill. kr og forbruk på 114,5 mill. kr gir eit mindreforbruk på 1,1 mill. kr pr august. Drifta er i balanse og det vert lagt til grunn at båtrutene vil gå i balanse året sett under eitt.

Bybanen: Budsjett på 99,7 mill. kr og forbruk 92,1 mill. kr. Mindre forbruk enn budsjett på 7,6 mill. kr. Mindreforbruket skuldast mellom anna lågare infrastrukturkostnader gjennom året.

Oppsummering utgifter: Utgifter totalt for Skyss syner eit forbruk på 1,346 mrd. kr samanlikna med eit periodisert budsjett på 1,357 mrd. kr. Dette gir eit mindreforbruk på 11 mill. kr. Det er såleis godt samsvar mellom drift og budsjett på kostnadssida. Det er ingen kjente faktorar som tilseier at denne situasjonen på kostnadssida vil endra seg utover i driftsåret.

Inntektssida: Budsjett pr. august er på 601,7 mill. kr. Det er så langt inntektsført 559,7 mill. kr, eller 42,0 mill. kr lågare enn det som er budsjettert. Avviket på inntektssida skuldast nedgang i sal av enkeltbilletter og fleire reisande som nyttar ulike typar periodebilletter. I tillegg til dette spelar det inn at ein ikkje har fått så stor overgang frå bruk av privatbil som rekna med når takstane for bomringen i Bergen vart sett opp. Det ser også ut for at den såkalla skinneeffekten for byggetrinn 2 av Bybanen ser ut til å vera lågare enn rekna med.

Ut frå resultatet i 2. tertial kan inntektssvikten pga. ovannemnde forhold bli på omlag 50 mill. kr. for 2014. Skulle endringa frå enkeltbillett til periodeprodukt bli forsterka utover året, vil dette påverka inntektsprognosen i negativ lei.

Fylkesvegvedlikehaldet

Det venta eit meirforbruk på om lag 3,8 mill.kr er innan drift og vedlikehald samla. Drifts- og vedlikehaldsbudsjettet i 2014 er på 460,9 mill. kr. Momskompensasjonen resten av året kan betra sluttresultatet noko.

Drift

Samla på drift er det løyvd 359,3 mill.kr i 2014. Det er venta eit meirforbruk på om lag 1,4 mill.kr. Dette er knytt opp mot faste kontraktar.

Drift regulert gjennom faste kontraktar

Til disposisjon på denne posten er det 288,8 mill. kr. Her er det venta eit meirforbruk på 1,3 mill. kr som er knytt opp til fleire tiltak. På kaivedlikehald er det ikkje fleire større reparasjonar slik at ein her kjem til å få eit mindreforbruk på 1,5 mill. kr. Når det gjeld den nye driftskontrakten for Voss-området frå 1. september 2014, vil vi få eit meirforbruk på 2,4 mill. kr. Dette har samband med at den nye entreprenøren krev høgare betaling i oppstartsåret grunna etableringskostnader, og då vert kostnadene litt lågare i påfølgjande år.

Drift øvrig

Til disposisjon på denne posten er det 70,5 mill. kr. Det er venta eit lite meirforbruk på denne posten. Dette er knytt opp mot skadeerstatningar.

Vedlikehald

Samla på vedlikehald er det løyvd 101,6 mill.kr. Det er venta eit meirforbruk på 2,4 mill. kr i 2014. Dette er under postane «bru vedlikehald» og «vedlikehald øvrig».

Vegoppmerking

Til disposisjon på denne posten er det 13 mill. kr. Det er ikkje venta avvik på denne posten.

Bruvedlikehald

Til disposisjon på denne posten er det 26 mill. kr. Det er venta eit meirforbruk på 1,5 mill. kr knytt opp mot Torvsundet bru(Fjell kommune) som har auke kostnad på 3 mill. kr. Noko av denne meirkostnaden vert dekkja inn med redusert aktivitet på ny kontrakt(2014-15) med 1,5 mill.kr.

Dekkelegging

Til disposisjon på denne posten er det 49,8 mill. kr. Det er ikkje venta avvik på denne posten. Det vert lagt om lag 80 km ny asfalt.

Vedlikehald – øvrig

Til disposisjon på denne posten er det 12,75 mill. kr. Det er venta eit meirforbruk på omlag 0,9 mill. kr er knytt opp mot tiltak som vert gjennomført gjennom driftskontrakt «FK 1206 Voss 2009-2014».

Kultur og idrett

Så langt fylkesrådmannen kan sjå i dag, vil Kultur- og idrettsområdet samla kunne styre mot balanse.

Positive og negative avvik i kostnads- og inntektsstraumane har si naturlege forklaring i at større tilskotsutbetalingar (kostnader) og inntekter ikkje fell saman i tid. Dette jamnar seg ut gjennom året, og avdelinga følgjer fortløpande utviklinga gjennom året.

Skatt og rammetilskot

I 1. tertialrapport vart det varsla om at skatteinngangen var tilnærma i samsvar med budsjettet. I revidert nasjonalbudsjett for 2014, som vart lagt fram etter 1. tertialrapport, er det frå sentralt hald varsla noko lågare vekst i dei frie inntektene i 2014 enn det som vart lagt til grunn i statsbudsjettet.

Når KS legg dei nye føresetnadane inn i sin prognosemodell for utrekning av dei frie inntektene, er det rekna ut at Hordaland fylkeskommune får 18,5 mill. kr mindre i frie inntekter i 2014 enn det som er budsjettert.

Ser ein på faktisk skatteinngang etter 2. tertial er status at ein har fått inn omlag 10 mill. kr mindre enn budsjettert. Det vil seie at status er den same som ved utgangen av juni. Av eit totalbudsjett på 5,7 mrd. kr i frie inntekter er avviket lite og det skal forholdsvis små endringar til før utviklinga snur den eine eller den andre vegen. Ut frå dei siste utrekningane som er gjort av KS og ut frå skatteinngang pr. utgangen av august er fylkesrådmannen sin prognose ein svikt i skatteinntektene på 15 mill. kr samanlikna med det som er budsjettert.

Renter og avdrag

Etter 1. tertial vart det rapportert ei forventet innsparing på minst 5 mill. kr. Renta på den totale låneporteføljen har gått litt ned sidan den tid. I tillegg har ein gjennom sommaren hatt høge bankinnskot, slik at renteinntektene kan bli høgare enn budsjettert. Netto innsparing på renter ser no ut til å nærme seg 10 mill. kr. Fylkesrådmannen viser elles til Finansrapport etter 2. tertial som vert lagt fram for fylkestinget i eiga sak.

Oppsummering drift og prognose for driftsresultat 2014

Prognosen for dei ulike områda kan oppsummerast slik:

	mill. kr
Politiske organ og administrasjon	0
Fellesfunksjonar (lønsavsetjing)	12
Opplæring	-5
Tannhelse	3
Regional utvikling	0
Fylkeskom. næringsverksemd	0
Samferdsel	-40
Kultur	0
Skatt og rammetilskot	-15
Renter og avdrag	10
Interne finansieringstransaksjonar	0
TOTAL	-35

Som nemnt i 1. tertialrapport vil netto driftsresultat verte mindre enn tidlegare år. I rekneskapen for 2013 var netto resultatgrad heile 6,6%, mens det i 2014 er budsjettert med 0,9% netto resultatgrad. Årsaka til dette er at momskompensasjon for investeringar ikkje lenger skal førast i driftsrekneskapen. I tillegg er prognosen no at fylkeskommunen går mot eit overforbruk på omlag 35 mill. kr. i forhold til vedteke budsjett. Slår prognosen til fører det til at ein ved rekneskapsavslutninga må stryke over halvparten av driftsmidlane på 62 mill. kr som var budsjettert som overføring til investeringsbudsjett. Det fører igjen til at netto resultatgrad ligg an til å bli svak i 2014.

Vurdering av risiko etter 2. tertial

Fylkesrådmannen vurderer det slik at det er størst risiko i prognosen for skatteinntektene og innanfor sektorane opplæring og samferdsel.

Opplæring

- Elevtalsutvikling. Elev oppgang eller nedgang ved teljing i september. Truleg vil det vera ein nedgang, og dette vil moglegvis frigjera budsjettmidlar i sektoren.
- Mindreforbruk grunna lærarstreik kan bidra til eit overskot; dette med fråtrekk for ekstraundervisning som det er gjeve lovnad om på skular som vart råka av streik.
- Verknaden av nye retningslinjer for fond. Det kan bidra til forverra årsresultat.
- Omfang og trong for spesialundervisning hausten 2014. Det ligg an til auke i talet på elevar som får vedtak om særskilt undervisning eller tilpassa undervisning, og det kan gje negative budsjettavvik.

Samferdsel

- Auken i passasjerutviklinga har vore noko lågare enn budsjettert og tendensen til meir kjøp av periodekort og kjøp via mobil har halde fram. Det ligg an til svikt på 50 mill. kr i billettinntekter i 2014 i høve til det som er budsjettert. Blir tendensen ytterlegare forsterka ut året kan avviket bli noko større.
- På utgiftssida er det totalt sett godt samsvar mellom driftsbudsjett og rekneskap pr. 2. tertial, men det er ein viss risiko knytt til følgjande postar:
 - o Utgifter til skuleskyss
 - o Samla restkostnad for innføring av setebelteordninga på buss
 - o Kompensasjon for tapte inntekter ved innføring av nasjonalt ferjekort
 - o Auka arbeidsgjevaravgift i distrikta

Skatteinntekter

- Prognosen er fortsatt at ein får litt mindre skatteinntekter enn budsjettert, men her kan små endringar i utviklinga/tendensen føre til forholdsvis store verknadar på driftsresultatet.

Tabell som viser status pr. 2. tertial etter funksjonsgruppe (tal i heile tusen).

	Rekneskap aug. 2014	Årsbudsjett	Forbruk i % av årsbud	Prognose budsj.avvik	Rekneskap aug. 2013
Politiske organ og adm.					
Kostnader:	200 281	292 907	68,4 %		193 693
Inntekter:	-18 160	-13 143	138,2 %		-19 134
Netto	182 121	279 764	65,1 %	0	174 559
Fellesfunksjonar					
Kostnader:	9 934	133 823	7,4 %		23 027
Inntekter:	-22 886	-25 900	88,4 %		-16 524
Netto	-12 952	107 923	-12,0 %	12 000	6 503
Opplæring					
Kostnader:	1 984 134	3 103 415	63,9 %		1 956 853
Inntekter:	-322 958	-390 085	82,8 %		-361 150
Netto	1 661 176	2 713 330	61,2 %	-5 000	1 595 703
Tannhelse					
Kostnader:	188 444	275 914	68,3 %		192 231
Inntekter:	-74 343	-91 683	81,1 %		-67 463
Netto	114 101	184 231	61,9 %	3 000	124 768
Regional utvikling					
Kostnader:	138 107	269 601	51,2 %		197 013
Inntekter:	-141 089	-179 821	78,5 %		-132 082
Netto	-2 982	89 780	-3,3 %	0	64 931
Fylkeskom. næringsverksemd					
Kostnader:	40 167	50 000	80,3 %		32 856
Inntekter:	-98 650	-144 450	68,3 %		-112 359
Netto	-58 483	-94 450	61,9 %	0	-79 503
Samferdsel					
Kostnader:	1 740 328	2 719 885	64,0 %		1 598 708
Inntekter:	-774 726	-1 006 132	77,0 %		-582 193
Netto	965 602	1 713 753	56,3 %	-40 000	1 016 515
Kultur					
Kostnader:	211 262	339 770	62,2 %		216 202
Inntekter:	-176 650	-175 073	100,9 %		-182 426
Netto	34 612	164 697	21,0 %	0	33 776
Skatt og rammetilskot					
Inntekter:	-3 777 748	-5 710 250	66,2 %		-3 619 463
Netto	-3 777 748	-5 710 250	66,2 %	-15 000	-3 619 463
Renter og avdrag					
Kostnader:	150 833	536 900	28,1 %		138 352
Inntekter:	-54 141	-59 550	90,9 %		-11 705
Netto	96 692	477 350	20,3 %	10 000	126 647
Interne finansieringstransaskj					
Kostnader:	130 262	204 162	63,8 %		57 232
Inntekter:	-130 262	-130 262	100,0 %		-71 432
Netto		73 900	0,0 %	0	-14 200
NETTO FYLKET TOTALT	-797 861	28		-35 000	-569 764



Arkivnr: 2014/927-3
Saksbehandlar: Ingvar Skeie

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet	209/14	24.09.2014
Fylkestinget	59/14	14.10.2014
Kontrollutvalet	75/14	03.11.2014

Finansrapport 2. tertial 2014

Samandrag

Fylkeskommunen si lånegjeld held fram med å auke, og har passert 8 mrd. kr. 56,3% av lånegjelda har fast rente. Fylkeskommunen er dermed lite utsett for renteendringar på kort sikt. Men på 3-4 års sikt kan ein eventuell auke i rentenivået bli ei stor utfordring.

I 2014 ser det ut til å gå mot ei innsparing i netto renteutgifter på opp mot 10 mill. kr.

Forslag til innstilling

Fylkestinget tek finansrapporten for 2. tertial 2014 til orientering.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Johnny Ernst Stiansen
fylkesdirektør økonomi

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 10.09.2014

Hendingar i 2. tertial

- Lån nr. 2 for året vart teke opp i juni, eit 2-årig obligasjonslån på 450 mill. kr med flytande rente.
- I august vart det avtalt ny rentebindingsperiode for eit lån i Kommunalbanken på 280 mill. kr. Renta er 2,76 % i 7 år.


Lånegjeld

	kr 1 000	
	Fylkeskassen	Bompengeprojekt
Lånesaldo 1. januar	7 237 735	46 000
Nye låneopptak i 2014	850 000	175 000
Avdrag	-890	-10 000
Lånesaldo 31. august	8 086 845	211 000

Låna fordeler seg slik på långjevarar:

	Tal lån	Beløp	Andel
Sertifikatlån	7	2 208 000	27,3 %
Obligasjonslån	5	2 035 000	25,2 %
Kommunalbanken	13	3 831 391	47,4 %
DNB	1	12 454	0,2 %
Totalt	26	8 086 845	100,0 %

Sertifikatlån og obligasjonslån er lån direkte i marknaden, der banken berre opptre som mellommann. Sertifikatlån har løpetid på inntil 1 år, medan obligasjonslån har løpetid på over 1 år.



Kommunalbanken er framleis største långjevar for fylkeskommunen med 47,4% av låna, men andelen lån i Kommunalbanken er på veg nedover.

Forvaltning av gjeldsporteføljen

I finansreglementet er det bestemt at "halvparten av lånegjelda bør som hovudregel ha fast rente. Andelen fast rente kan likevel variera mellom 40 % og 60 % ut frå om ein finn vilkåra for binding gunstige eller ikkje."

Tabellen nedanfor gjev oversyn over fordelinga mellom fast og flytande rente:

	30. apr. 2014			31. aug. 2014		
	Lånesaldo	Andel	Rente	Lånesaldo	Andel	Rente
Lån med fast rente	4 556 000	59,7 %	3,36 %	4 556 000	56,3 %	3,32 %
Lån med flytande rente	3 080 845	40,3 %	2,21 %	3 530 845	43,7 %	2,19 %
Totalt lån	7 636 845	100,0 %	2,90 %	8 086 845	100,0 %	2,83 %

Ved utgangen av august hadde 56,3 % av låneporteføljen fast rente.

Pr. dags dato har fylkeskommunen 3 lån i Kommunalbanken og eit obligasjonslån med fast rente. I tillegg har ein 10 rentebytteavtalar, der ein betaler fast rente og mottar flytande rente. På denne måten sikrar ein renta på lån som er tekne opp med flytande rente.

Gjennomsnittleg rentesats for heile låneporteføljen var 2,83 %. Dette er 0,07 % lågare enn ved utgangen av april.


Renteregulering

Gjennomsnittleg bindingstid på renta skal vere minimum 1 år og maksimum 4 år. Pr 31. august er bindingstida 2,13 år.

Oppstillinga nedanfor viser kor stor del av låneporteføljen som har renteregulering kvart år. 38,2 % av låna vil få regulert renta i løpet av 2014. For to av låna der bindingstida går ut i 2015, har ein alt gjort avtale om ny rentebinding. Ein veit dermed at rentesatsen vil gå noko ned for desse låna.

År	Beløp	Tal lån	Andel
2014	3 089 845	11	38,2 %
2015	1 131 000	3	14,0 %
2016	680 000	2	8,4 %
2017	725 000	2	9,0 %
2018	555 000	2	6,9 %
2019	951 000	3	11,8 %
2020	355 000	1	4,4 %
2021-	600 000	2	7,4 %
Total	8 086 845	26	100,0 %

Grafen på neste side illustrerer korleis fastrenteavtalar går ut, samstundes som total lånegjeld er venta å auke. Dei 2-3 næraste åra er ein rimeleg godt sikra mot renteoppgang. Men marknadsrenta slå inn på alle nye lån som skal takast opp og etter kvart på eksisterande lån når rentebindinga går ut.



Løpetid

For å redusere refinansieringsrisikoen, skal låneporteføljen vere diversifisert med omsyn til løpetid. Einskildlån skal aldri utgjera meir enn 20 % av den samla gjeldsporteføljen.

Tabellen nedanfor gjev oversyn over løpetida for låna.


År	Beløp	Tal lån	Andel
2014	1 779 454	7	22,0 %
2015	801 000	2	9,9 %
2016	850 000	2	10,5 %
2017	892 000	3	11,0 %
2018	555 000	2	6,9 %
2019	730 000	2	9,0 %
2020	705 000	2	8,7 %
2021-	1 774 391	6	21,9 %
Total	8 086 845	26	100,0 %

Pr. 30. april har fylkeskommunen 7 sertifikatlån. Desse vert som regel fornya kvar 3. eller 6. månad. Obligasjonslåna har løpetider frå 2 - 5 år, medan dei fleste Kommunalbanklåna har løpetid på 10 år.

Sidan andelen lån i Kommunalbanken er på veg nedover, blir også løpetida for låneporteføljen kortare.

I Kommunalbanken er renta normalt uavhengig av løpetida for lånet. I sertifikat- og obligasjonsmarknaden aukar derimot renta med aukande løpetid. For å oppnå lågast mogleg rente, bør ein difor ha kort løpetid. Men dermed må låna fornyast ofte, og det er ein viss risiko for at det kan oppstå problem med å få refinansiert låna. Ein legg til grunn at refinansieringsrisikoen er liten, men ønskjer likevel ikkje berre å ha kortsiktige lån.

Grafen på neste side illustrerer korleis den forventa marginen ein betaler ut over 3 mnd. Nibor varierer med ulike løpetider for obligasjonslån. Til samanlikning kan ein låne i Kommunalbanken til 3 mnd. Nibor + 0.4 %. (3 mnd. Nibor vart 09.09.2014 notert til 1,71 %.)



Diagrammet viser forventna margin over 3 mnd. Nibor med ulike løpetider.

Bankinnskot

Ein kan gje følgjande oversyn over innskot ved utgangen av august:

	April 2014	Aug. 2014
Ordinære bankinnskot	666 863	653 572
Skattetrekksmidlar	120 537	123 098
Bankinnskot "øyremerkte" midlar	515 648	593 156
Bankkonti bompengeprojekt	251 564	191 450
Sum bankinnskot	1 554 612	1 561 276
Kassabeholdningar	16 696	18 494
Sum bankinnskot og kassabeholdn.	1 571 308	1 579 770

Summen av innskot er på nær 1 580 mill. kr. Dette er om lag det same som ved utgangen av 1. tertial.

Øyremerkete midlar (i hovudsak spelemidlar og statstilskot til tiltak innan regional utvikling) og midlar tilhøyrande bompengeprojekt utgjer om lag halvparten av totalen.

Renterisiko

Slik situasjonen er pr. 31. august, vil ein auke i rentenivået på 1 % gje auke i netto renteutgifter på ca. 10 mill. kr første året.

Tabellen lenger framme i saka viser at fylkeskommunen har lån på 3 531 mill. kr med flytande rente.

På den andre sida har ein renteinntekter av bankinnskot, utlån og rentekompensasjon for skulebygg og veginvesteringar. Grunnlaget for desse inntektene er ca. 2 400 mill. kr. Dermed kan ein seie at ca. 1 100 mill. kr av gjelda er direkte utsett for renteendringar.

Ein kan konkludere med at renteauke ikkje gjev dramatiske utslag første året, men om ein ser 3-4 år fram i tid, er renteauke ein stor risikofaktor.

Prognose i høve til budsjett

Etter 1. tertial vart det rapportert ei forventta innsparing på minst 5 mill. kr. Renta på den totale låneporteføljen har gått litt ned sidan den tid. I tillegg har ein gjennom sommaren hatt høge bankinnskot, slik at renteinntektene kan bli høgare enn budsjettert. Netto innsparing på renter ser no ut til å nærme seg 10 mill. kr.

OVERSYN OVER SKATTEINNGANG

2014	INNBET 2011	%	INNBET 2012	%	INNBET 2013	%	BUDSJETT 2014	%	INNBET 2014	%	
JANUAR	302 531 887	12,7	314 395 595	12,1	337 210 254	12,2	353 366 700	12,3	354 386 489	12,3	1 019 789
FEBRUAR	18 969 847	0,8	31 070 833	1,2	24 597 719	0,9	28 729 000	1,0	21 216 588	0,7	-7 512 412
MARS	387 246 777	16,3	418 441 666	16,1	453 207 423	16,3	468 282 700	16,3	474 068 736	16,5	5 786 036
APRIL	21 652 746	0,9	26 456 436	1,0	31 167 695	1,1	31 601 900	1,1	28 455 998	1,0	-3 145 902
MAI	464 487 409	19,5	491 337 943	19,0	526 702 424	19,0	545 851 000	19,0	535 703 308	18,7	-10 147 692
JUNI	14 014 233	0,6	16 552 712	0,6	12 652 385	0,5	17 237 400	0,6	23 671 997	0,8	6 434 597
JULI	274 740 272	11,5	298 312 443	11,5	323 825 375	11,7	333 256 400	11,6	334 937 878	11,7	1 681 478
AUGUST	22 409 230	0,9	28 970 283	1,1	29 757 971	1,1	28 729 000	1,0	29 238 525	1,0	509 525
SEPTEMBER	405 527 680	17,0	435 350 956	16,8	473 207 732	17,1	488 393 000	17,0	489 917 936	17,1	1 524 936
	#####	80,2	2 060 888 867	79,4	2 212 328 978	79,9	2 295 447 100	79,9	2 291 597 455	79,8	-3 849 645
OKTOBER	8 475 701	0,4	17 511 050	0,7	25 510 389	0,9	20 110 300	0,7			
NOVEMBER	436 378 903	18,3	497 141 294	19,2	516 303 602	18,6	534 359 400	18,6			
DESEMBER	26 735 881	1,1	18 814 740	0,7	17 627 023	0,6	22 983 200	0,8			
	#####	100,0	2 594 355 951	100,0	2 771 769 992	100,0	2 872 900 000	100,0			



Notat

Dato: 09.09.2014
Arkivsak: 2014/356-8
Saksbehandlar: brihegg

Til:	Fylkesutvalet
Frå:	Fylkesrådmannen

Status for spørsmål/oversendingsforslag i fylkesutvalet pr september 2014

Frå oversikten gitt 28.08.14

Møte-dato	Sakark.nr.	Spørsmål	Oversendt	Svar innan	Svart på
20.05.14	2014/278	Kollektivfelt med fire felt på innfartsvegane til Bergen – ber om sak (Mona H. Hellesnes, V)	Fylkesrådmannen	28.08.14	24.- 25.09.14
19.06.14	2014/626	Ringeriksbanen – felles korridor for jernbane og veg. Orientering i fylkesutvalet (Aud Karin Oen, SV/Mona H. Hellesnes, V)	Fylkesordføraren	30.10.14	
19.06.14	2014/18069	Utfordringar for leverandørbedriftene i petroleumsnæringa – status og behov (Sveinung Valle, A)	Fylkesrådmannen	28.08.14	24.- 25.09.14

Spørsmål/oversendingsforslag august 2014

28.08.14	2014/20385	Ferjesambandet Kvanndal-Utne-Kinsarvik – regularitet (Nils-Olav Næss, A)	Fylkesrådmannen	30.10.14	
28.08.14	2014/20388	Rutetilbod for buss frå Indre Hardanger til Voss – korrespondanse Nils-Olav Næss)	Fylkesrådmannen	30.10.14	

Notat

 Dato: 11.09.2014
 Arkivsak: 2014/1527-11
 Saksbehandlar: brihegg

Til:	Fylkesutvalet
Frå:	Fylkesrådmannen

Oversikt over større saker til politisk behandling hausten 2014 - pr september

Tabellen under viser saker som administrasjonen arbeider med og som det er planen å leggja fram for politisk behandling i løpet av halvåret. Oversikten vert ajourført til kvart møte i fylkesutvalet, slik at saker som er ferdig behandla vert tatt ut av lista og nye kan koma til. For nokre saker er det så langt ikkje fastsett dato for når dei kjem til behandling.

Saker	Kultur- og ressurs-utvalet	Opplærings- og helse-utvalet	Samferdsels-utvalet	Fylkesutvalet	Fylkestinget	Sist endra	Merknader
Regionalavdelinga							
Søknad om konsesjon til overføring av Vatn 1062 & 1112 på Pyttafloene i Mauranger, Kvinnherad. Fråsegn	21.10.			30.10.		05.08.	
Melding av Tverrelva småkraftverk. Kvinnherad. Fråsegn	21.10.			30.10.		05.08.	
Konsesjonssøknad for overføring av Svartavatn til Torfinnsvatn, Voss. Fråsegn	21.10.			30.10.		05.08.	
Melding om Bjørnetjørni kraftverk, Masfjorden. Fråsegn	21.10.			30.10.		05.08.	
Melding om Sollielva kraftverk, Masfjorden. Fråsegn	21.10.			30.10.		05.08.	
Melding om Storelva kraftverk, Masfjorden. Fråsegn	21.10.			30.10.		05.08.	
Søknad for overføring frå Vaksdalsvassdraget i Vaksdal til Herfangen i Samnanger og vidare til Svartavatn i Kvam.. Fråsegn	21.10.			30.10.		05.08.	
Søknad om overføring av to bekker på Osafjellet til Lang-Sima kraftverk. Fråsegn	21.10.			30.10.		03.09.	
Regional plan for attraktive senter - vedtak	11.- 12.11.	11.-12.11.	12.11.	19. - 20.11.	9. - 10.12.	06.08.	
Kommuneplan for Fjell	16.09.					05.08.	

Saker	Kultur- og ressurs-utvalet	Opplærings- og helse-utvalet	Samferdsels-utvalet	Fylkes-utvalet	Fylkes-tinget	Sist endra	Merknader
Kommuneplan for Modalen	16.09.					05.08.	
Reguleringsplan for Skaganeset – Sund kommune	16.09.					05.08.	
Kommuneplanens arealdel – Meland kommune	19.08./ 21.10.					05.08.	
Tilrettelegging av ny Sotrabru for framtidig bybane	16.09.		20.08.			05.08.	
Planrapport 2013	21.10.			30.10.		05.08.	
Forskningsstrategi				04.12.	9. - 10.12	05.08.	
Reiselivorganisering i Hordaland				24.09.		06.08.	
Cruisestrategi for Vestlandet (VR27/11)				04.12.	9. - 10.12	06.08.	
Revidering av avtale HFK-BRB				30.10.		06.08.	
Melding inspirasjonskonferansane				04.12.			
Melding om etablerertjenesten i Hordaland				30.10.		06.08.	
Sak om driftsmidler, næringsutvikling				04.12.	9. - 10.12	06.08.	
Melding oversikt over tilsegn frå HNH pr. 30/9-14				30.10.		11.08.	
Mandat og samansetnad av Regionalt næringsforum				24. – 25.09.		10.09.	
Matstrategi – veivalg for lokalmat i Hordaland	16.09.			30.10.		11.08.	
Melding eu-prosjekt				30.10.		11.08.	
Evaluering av HFK sin deltaking i Interregprosjekt				19. - 20.11.		11.08.	
Kapitalutviding i Storeholmen VTA						02.09.	
Økonomiavdelinga							
Finansrapport 2. tertial				24. – 25.09.	14. – 15.10.		
Tertialrapport 2. tertial				24. – 25.09.	14. – 15.10.		
Årsbudsjett 2015/økonomiplan 2015-2018	11. – 12.11.	11.11.	12.11.	19. -20.11.	09. - 10.12.		
Samferdselsavdelinga							
Mulighetsstudie for elektriske bussar i Bergen			16. – 17.09.	24. – 25.09.			
Ny driftskontrakt for Stor-Bergen			22.10.	30.10.			
Prinsippsak om forskotering ved rekkefølgekrav			16. – 17.09.	24. – 25.09.	14. – 15.10.		
Strategi for innfartsparkering			12.11.	19. – 20.11.	09. - 10.12.		
Takst- og rabattreglement inklusiv 1 sone gjennomføring			16. – 17.09.	24. – 25.09.			
Handlingsplan Kollektivstrategien			12.11.	19. – 20.11.	09. - 10.12.		
Sotrasambandet – finansieringsopplegg			12.11.	19. – 20.11.	09. - 10.12.		
Belønningsmiddelsøknad			22.10.	30.10.			
Nordhordlandspakken			12.11.	19. – 20.11.	09. - 10.12.	09.09.	
RTP Handlingsprogram – revisjon			12.11.	19. - 20.11.	09. - 10.12.		

Saker	Kultur- og ressurs-utvalet	Opplærings- og helse-utvalet	Samferdsels-utvalet	Fylkes-utvalet	Fylkes-tinget	Sist endra	Merknader
Organisasjonsavdelinga							
Mandat FYEL				24. – 25.09.		14.08.	
Mandat RMNF				24. – 25.09.		14.08.	
Kåring av «Årets hordalending»				24. – 25.09.		14.08.	
Revidert beredskapsplan				19. – 20.11.	09. – 10.12.	14.08.	
Reviderte rutinar for varsling				24. – 25.09.		14.08.	Adm.utval 11.09.
Kommunikasjonsstrategi				19. – 20.11.	09. – 10.12.	14.08.	
Styrerepresentasjon og kompetanse				19. – 20.11.	09. – 10.12.	14.08.	Polit. arb.utval
Prinsipp for godtgjersle for styreverv				19. – 20.11.	09. – 10.12.	14.08.	
Tannhelsetenesta							
Tannhelsetenesta – klinikkstruktur 2015 – 2030. Høyring		16.09.		25.09.			
Tannhelsetenesta – klinikkstruktur 2015 – 2030							Des. 2014 eller mars 2015
Opplæringsavdelinga							
Tilstandsrapport		02.12.		04.12.	09. – 10.12.	08.09.	
Nye lokale inntaksforskrifter		11. – 12.11.		19. – 20.11.			
Klassesak/Tilbudsstruktur		11. – 12.11.		19. – 20.11.	09. – 10.12.		
Plan for kompetanseutvikling		11. – 12.11.		19. – 20.11.			
Kultur- og idrettsavdelinga							
Stønad til kulturtiltak frå rådveldekonto	02.12.						
Stønad til ålmenne kulturføremål	21.10.						
Stønad til kulturtiltak for barn og unge (aktivitetsstønad)	21.10.						
Den kulturelle spaserstokken	21.10.						
Utviklingsstipend idrett/utdeling av stipend	02.12.				09. – 10.12. (utdeling)		
Fordeling kulturelt utviklingsprogram (KUP)	16.09.						
Regional kulturplan	02.12.			04.12.	09. – 10.12.		



Arkivnr: 2014/17219-5
Saksbehandlar: Hans Inge Gloppen

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet	204/14	24.09.2014
Kontrollutvalet	79/14	03.11.2014

Kapitalutviding i Storeholmen VTA AS – oppkjøp av Norheimsund Industriservice AS

Samandrag

Attføringsbedrifta Storeholmen VTA AS er eigd av Kvam herad med 45,5%, Hordaland fylkeskommune med 36,5%, Samnanger kommune med 9% og Kvam lag av NFU med 9%. I samanheng med oppkjøp av Norheimsund Industriservice AS er det behov for kapitalutviding på til saman NOK 1.000.000. Bakgrunnen for oppkjøpsplanane er at NAV har stilt krav om at Norheimsund Industriservice AS må vera i Storeholmen VTA AS si eige for å kunna oppretthalda dei tildelte tiltaksplassane i verksemda. Dersom Hordaland fylkeskommune tek del i aksjeutvidinga vil dette krevja eit kapitalinnskott på NOK 365.000.

Forslag til innstilling/vedtak/avgjerd

Hordaland fylkeskommune tek del i aksjekapitalutviding i Storeholmen VTA AS med NOK 365 000. Aksjekjøpet vert dekkja av midlar avsette i investeringsbudsjettet til næringsføremål.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 08.09.2014

Bakgrunn for saka:

I generalforsamlinga til attføringsbedrifta Storeholmen VTA AS (Storeholmen) den 12. juni 2014 vart det orientert om behov for kapitalutviding i samheng med oppkjøp av Norheimsund Industriservice AS. Bakgrunnen for oppkjøpsplanane er at NAV har stilt krav om at tildelte arbeidsplassar i skjerma verksemd (APS), kvalifisering i arbeidsmarknadsbedrift (KIA) og tilrettelagt arbeid (TIA) vert gjennomført ved Storeholmen snarast, noko som i praksis vil seia at Norheimsund Industriservice AS må vera i Storeholmen si eige for å kunna oppretthalda dei tildelte tiltaksplassane i verksemda. På dette grunnlaget vert det no vurdert ulike modellar for at Storeholmen skal koma i finansiell posisjon til å gjennomføra eit kjøp av aksjane i Norheimsund Industriservice AS frå Kvam herad. Det er behov for NOK 750.000 til kjøp av Kvam herad sin aksjepost. I tillegg har Storeholmen gjort store investeringar dei siste åra, noko som gjer det naturleg å be eigarane om noko ekstra midlar slik at det samla vert ei kapitalutviding på NOK 1.000.000.

Norheimsund Industriservice AS – selskapet som skal kjøpast opp

Selskapet som er aktuelt for oppkjøp, Norheimsund Industriservice AS, er tufta på det som tidlegare var den mekaniske avdelinga i attføringsbedrifta Norheimsund Industrier AS. Den mekaniske avdelinga vart seld til A2G Industri AS i 2012. Intensjonen var at A2G Industri AS skulle vidareføra aktiviteten med attføring og tiltaksplassar, men store økonomiske tap i A2G-konsernet førte til at den mekaniske bedrifta vart selt vidare til Kvam herad i 2013 for å sikra at verksemda framleis skulle vera ein arena for tiltaksplassar. Norheimsund Industriservice AS vart stifta den 30.04.2013 og Kvam herad eig 100% av verksemda. Aksjeinnskot i selskapet er på NOK 750.000, bestående av NOK 100.000 i aksjekapital og NOK 650.000 i overkurs. Selskapet held til i leigde lokale hjå Norheimsund Industrier AS, med ein langsiktig leigeavtale. Leigeavtalen omfattar verkstadlokale, inkl. kontor og garderobe på ca. 1.750 m². Bedrifta driv produksjon av eigne produkt som stillas i aluminium, samt maskinering og anna mekanisk produksjon i stål og aluminium. Første driftsår er tilbaketilsett, og selskapet har i perioden frå oppstart mai 2013 hatt driftsinntekter på NOK 3.247.152 med eit resultat på NOK 62.681, og har ved årsskiftet ein bokført eigenkapital på NOK 802.681.

Status for Storeholmen VTA AS

Storeholmen er eigd av Kvam herad med 45,5%, Hordaland fylkeskommune med 36,5%, Samnanger kommune med 9% og Kvam lag av NFU med 9%. Bedrifta har historisk vore ein arbeidsplass for yrkeshemma, og har frå august 2013 utvida verksemda med aktivitetar for tiltak og attføring. Bedrifta held til i eigne lokale, har ca. 14 faste stillingar og tilbyr vel 40 VTA plassar og vel 30 tiltaksplassar innan APS, AB, KIA og TIA. Tiltaksplassane er i vesentleg grad knytt til aktiviteten ved Norheimsund Industriservice AS, og det er desse plassane NAV krev skal gjennomførast ved Storeholmen – dvs. Norheimsund Industriservice AS må vera del av / vera eigd av Storeholmen. Styret i Storeholmen har gjort positivt vedtak om å kjøpa Norheimsund Industriservice AS, men må be eigarane om å få tilført ny eigenkapital for å gjennomføra transaksjonen. Det er planar om å organisera eigarstrukturen slik at ein reduserer risikoen for morselskapet, og Norheimsund Industriservice AS er tenkt som eit dotterselskap av Storeholmen. Storeholmen har i 2013 hatt driftsinntekter på NOK 13.464.576 med eit resultat på NOK -80.208, og har ved årsskiftet ein bokført eigenkapital på NOK 545.743. Drifta har vist positiv utvikling siste år, men det er låg eigenkapital og høg gjeld i selskapet.

Fylkesrådmannen si vurdering og merknader

Hordaland fylkeskommune sitt føremål med eigarskapen i Storeholmen er av samfunnsmessig karakter; å sikre kontinuitet og føreseielege forhold for drifta av verksemda. Ei eventuell kapitalutviding er regulert i kapittel 10 i «Lov om aksjeselskaper (aksjeloven)». Det er generalforsamlinga som formelt sett vedtek kapitalutvidinga. Dersom generalforsamlinga seier nei til kapitalutvidinga vil Storeholmen og derunder Norheimsund Industriservice AS mista tildelte tiltaksplassar innanfor APS, KIA og TIA, og dette tilbodet og denne arenaen går tapt. Kvam herad vil då finna ein privat kjøpar for å overta eigarskapen og drifta, og Norheimsund Industriservice AS fortset som ei ordinær privateigd mekanisk bedrift. Med dette som utgangspunkt stiller fylkesrådmannen seg positiv til at fylkeskommunen tek del i kapitalutvidinga med NOK 365.000. Det er ført opp 1 mill. kroner i investeringsbudsjettet til næringsutvikling (aksjekjøp e.l.). Fylkesrådmannen foreslår at NOK 365 000 av denne løyvinga vert nytta til aksjeutvidinga.

Fylkesrådmannen gjer merksam på at delar av kapitalutvidinga er mellom nærstående partar, i og med at Kvam herad har eigarskap både i Storeholmen og Norheimsund Industriservice AS. I den samheng er det viktig at vilkåra i aksjelova vert følgd.



Notat

Dato: 27.10.2014
Arkivsak: 2014/65-12
Saksbehandlar: karvike

Til: Kontrollutvalet

Frå: Økonomiavdelinga

Partsbrev - Godkjenning av prosjektrekneskap Tertnes vgs - Tilbygg

Vedlagt følgjer vedtak for sak i fylkesutvalet og fylkestinget, hhv PS 223/14 og PS 65/14, kor prosjektrekneskap for tilbygg ved Tertnes vgs vart godkjend.

Kopi til:

Arkivnr: 2014/65-9

Saksbehandlar: Karl Viken

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet	223/14	24.09.2014
Fylkestinget	65/14	14.10.2014

Godkjenning av prosjektrekneskap Tertnes vgs - Tilbygg**Samandrag**

Prosjektrekneskapet er på totalt kr 61 034 643. Samanstilt med budsjett for prosjektet på 59 mill., så gjev dette eit meirforbruk på kr 2 034 643 eller 3,4 %.

Fylkestinget gjorde slikt vedtak i sak 49/13 i møte 15.10.13:

«Fylkestinget vedtek at prosjektrekneskapar:

1. På 10 millionar kroner eller høgare skal reviderast av ekstern revisor og handsamast i kontrollutvalet før dei går vidare til politisk handsaming.
2. Der avviket i høve opphavleg budsjett er meir enn 10 % skal same rutine følgjast.»

Deloitte har stadfesta at prosjektrekneskapet gjev eit rettvise bilette av at prosjektet er i samsvar med god kommunal rekneskapsskikk. Kontrollutvalet handsama saka i møte 25.8.2014 (sak 70/14), og hadde ingen kommentarar til rekneskapet. Dette utover at ein merka seg at det har teke 7 år frå siste løyving til endeleg ferdigstilt rekneskap.

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget godkjenner rekneskapen for prosjektet Tertnes vgs – Tilbygg.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 24.09.2014

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

Fylkestinget godkjenner rekneskapen for prosjektet Tertnes vgs – Tilbygg.

Saksprotokoll i fylkestinget - 15.10.2014

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Fylkestinget godkjenner rekneskapen for prosjektet Tertnes vgs – Tilbygg.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Johnny Ernst Stiansen
fylkesdirektør økonomi

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg: Kontrollutvalssak 70/14 <<Godkjenning av prosjektrekneskap Tertnes vgs. – Tilbygg>>. Notat egedomsseksjonen, rekneskapsavslutning Tertnes vgs – tilbygg – prosjekt nr. 06019. Revisjonsberetning frå Deloitte til fylkestinget.

Fylkesrådmannen, 10.09.2014

Fylkestinget gjorde slikt vedtak i sak 49/13 i møte 15.10.13:
«Fylkestinget vedtek at prosjektrekneskapar:

1. *På 10 millionar kroner eller høgare skal reviderast av ekstern revisor og handsamast i kontrollutvalet før dei går vidare til politisk handsaming.*
2. *Der avviket i høve opphavleg budsjett er meir enn 10 % skal same rutine følgjast.»*

Uttalen frå kontrollutvalet skal leggjast ved sak frå fylkesrådmannen til fylkestinget, som gjer vedtak i denne saka. Sekretariatet har motteke uttale til prosjektrekneskap for prosjekt 06109 Tertnes vgs – Tilbygg, frå Deloitte, som skal handsamast i fylkestinget. I tillegg vedlagt notat om avslutning av prosjektet og prosjektrekneskap.

Dette prosjektet er relatert til tilbygg, og rekneskapen viser eit meirforbruk 3,4 %, jf. tabell under;

Opphavleg budjett	Rekneskap	Avvik	Avvik i %
kr 59 000 000	kr 61 034 643	kr -2 034 643	-3,40 %

I vedlagt notat frå egedomsseksjonen vert det vist til naturlege forklaringar på kvifor dette avviket/ meirforbruket har oppstått. I tidlegare leverte prosjektrekneskapar har det gått fram korleis eventuelle overskridingar er dekt inn, enten ved bruk av lån eller ved bruk av ubundne fond. Grunnen til at dette ikkje er med denne gongen er at det no vert nytta vedteke rammebudsjett som betyr at eventuelle overskridingar vert dekkja inn gjennom totalramma.

I handsaming av prosjektet i kontrollutvalet vart det poengtert at det har teke 7 år frå siste løyving blei gitt, til endeleg rekneskap vart framlagt.

Det normale er at administrasjonen legg fram prosjektrekneskapa til godkjenning etter at garantitida er utløpt og eventuelle eksterne tilskot er moteke. I dette tilfellet – Tertnes vidaregående skole – var garantida 3 år. Garantitida er no utvida til 5 år rekna frå overtakinga frå entreprenør.

Det må konstaterast at prosjektrekneskapen for Tertnes-prosjektet burde vore framlagt tidlegare. Fylkesrådmannen har difor teke dette med Eigedomsseksjonen som vil stramme inn rutine på dette området med siktemål å unngå tilsvarande situasjonar framover.

I brev dagsett 4.6.2014, har Deloitte stadfesta at prosjektrekneskapen gjev eit rettvisebilete av at prosjektet, og at den er i samsvar med god kommunal rekneskapsskikk. Kontrollutvalet handsama saka i møte 25.08.14 (sak 70/14) og vedtok følgjande uttale samrøystes:

1. Kontrollutvalet viser til konklusjon frå Deloitte, der det går fram at prosjektrekneskapen gjev eit rettvisebilete av at prosjektet er i samsvar med god kommunal rekneskapsskikk.
2. Kontrollutvalet tar konklusjonen frå Deloitte til etterretning.
3. Kontrollutvalet har merka seg at det har teke 7 år frå siste løyving blei gitt, til endeleg rekneskap ligg føre, utan at det kjem fram kva som er grunnen til dette.
4. Utvalet har elles ingen kommentar til prosjektrekneskapen.

Notat om avslutning av prosjektet, revisjonsberetning og kontrollutvalssak ligg ved saka.

Fylkesrådmannen tilrår at prosjektrekneskapet vert godkjent.

PS 97/14 Eventuelt